

# Folgefonna nasjonalpark

*med tilliggjande område for landskapsvern*



**Oppsummering og tilråding etter  
lokal høyring av konsekvensutgreiing  
og verneframlegg**



**Fylkesmannen i Hordaland**

# Folgefonna — vår våtaste nasjonalpark?



Mange reknar Folgefonna som vår vakraste isbre. Det er slik som på biletet over vi helst vil sjå den, som denne klåre septemberdagen i 2003 då fotograf Jan Rabben fanga inn samleie isbrear på Vestlandet i eitt og same bilet! Du må mest vere flygar for å få sjå landsdelen vår slik.

Så skal det heller ikkje vere altfor mange slike dagar for at breane våre skal bli liggjande der dei er. Det er nemleg nedbør som skapar isbrear, i kombinasjon med at nedbøren kjem høgt til fjells. Folgefonna ligg i ein av landets mest nedbørrike regionar. Ingen har nokon gong målt nedbøren på toppen av Folgefonna over tid, men forskarane reknar med at årsnedbøren her gjerne kan vere så mykje som kring 5500 mm!

Det er i så fall nesten tre gongar så mykje som Bergen by kan skilte med.

Bergen er som kjent den våtaste byen i Europa.

Mykje nedbør og lite gjestmildt klima er årsaka til at storparten av nærområda til Folgefonna har fått liggje urørt i lang tid, og det er såleis her vi finn eitt av dei aller siste attverande områda med retteleg villmark i Hordaland. Men nedbøren gjer også området attraktivt for kraftutbygging. Av eit samla energipotensiale på 4165 GWh/år er med tida 56% av kraftprotensalet på Folgefonna halvøya allereie bygd ut. Gjennom 4 verneplanar for vassdrag er 5 vassdrag i regionen — motsvarande 24% av det samla energipotensialet — verna mot nettopp vasskraftutbygging. Mesteparten av dei resterande 20% vert rekna som aktuelt utbyggingspotensiale, og det er såleis ikkje rart at usemjø mellom utbyggingsinteresser og verneinteresser kjem fram i dagen i samband med eit framlegg om å etablere nasjonalpark i området. Ein nasjonalpark på delar av Folgefonna halvøya vil nemleg kunne stanse nokre av dei aktuelle utbyggingsprosjekta.

Fjordbygdene i denne delen av Sunnhordland og Hardanger byr på nokre av dei mest inntrykkssterke landskapa på heile Vestlandet. Hordalendingen er glad i Folgefonna — så glad at dei aller fleste er samde om at det bør kome ein nasjonalpark her. Det kan vere delte meininger om kor stor den bør vere og kva område parken bør omfatte. Gjennom arbeidet med ein verneplan for området har Fylkesmannen i Hordaland gjort eit omfattande arbeid for å klarlegge både verneverdiar og bruksomfanget av naturen her. Resultatet har blitt det framlegget til verneplan som er skildra i denne rapporten.

Ein nasjonalpark på Folgefonna vil ikkje gjere fonna våtare. Ikkje tørrare heller. Men regionen vil bli ein viktig attraksjon rikare — på kort og framfor alt på lang sikt. Når fylkesmannen arbeider med naturvern, er det på mange måtar å gje tida verdi. Og då snakkar vi ikkje om den tida vi har brukt på å greie ut dette verneframlegget.

# INNHOLD

|   |           |
|---|-----------|
| <b>1. BAKGRUNN OG HISTORIKK.....</b>  | <b>4</b>  |
| 1.1. Lokal høyring.....   | 5         |
| <b>2. MERKNADER TIL KONSEKVENSUTGREIINGA.....</b>   | <b>7</b>  |
| 2.1. Lovheimel.....   | 7         |
| 2.2. Kraftutbygging og økonomiske konsekvensar av vern.....   | 7         |
| 2.3. Naturfaglege undersøkingar.....  | 8         |
| <b>3. GENERELLE MERKNADER TIL VERNEFRAMLEGGET.....</b>  | <b>9</b>  |
| 3.1. Grunnleggande haldning.....  | 9         |
| 3.2. Lovheimel i naturvernlova.....   | 9         |
| 3.3. Medverknad.....  | 10        |
| 3.4. Vasskraftinteresser.....   | 10        |
| 3.5. Nasjonalparksenter.....  | 12        |
| 3.6. Forvaltingsplan.....   | 12        |
| 3.7. Økonomisk erstatning.....  | 12        |
| <b>4. MERKNADER TIL VERNEFORSKRIFTENE.....</b>  | <b>13</b> |
| 4.1. Føremål.....   | 13        |
| 4.2. Tilhøvet mellom verneregler og forvaltingsplan.....  | 14        |
| 4.3. Eksisterande tekniske anlegg.....  | 14        |
| 4.4. Nydyrkning, nygrøfting, kalking og grustak.....  | 15        |
| 4.5. Bygningar.....   | 15        |
| 4.6. Skogbruk/vegbygging.....   | 16        |
| 4.7. Attgroing av kulturlandskapet.....   | 16        |
| 4.8. Vedhogst.....  | 18        |
| 4.9. Organisert ferdsel.....  | 18        |
| 4.10. Motorferdsel.....   | 19        |
| 4.11. Mini- og mikrokraftverk.....  | 20        |
| 4.12. Mindre motordrivne innretningar og verkty.....  | 20        |
| 4.13. Tilretteleggingstiltak.....   | 20        |
| <b>5. MERKNADER TIL GRENSE OG VERNEFORM.....</b>  | <b>21</b> |
| 5.1. <b>Jondal kommune.....</b>   | <b>21</b> |
| <i>Folgefonna Sommarskisenter/Juklavassbreen.....</i>   | <i>21</i> |
| 5.2. <b>Kvinnherad kommune.....</b>   | <b>22</b> |
| <i>Blådalen.....</i>  | <i>22</i> |
| <i>Pyttafloene.....</i>   | <i>23</i> |
| <i>Bondhusdalen/Fynderdalen/Heimadalen.....</i>   | <i>24</i> |
| <i>Furebergsdalen.....</i>  | <i>25</i> |
| <i>Ænesdalen.....</i>   | <i>26</i> |
| <i>Myrdalsvatnet.....</i>   | <i>27</i> |
| <i>Hatteberg/Muradalen.....</i>   | <i>27</i> |
| <i>Guddalsdalen/Kvannto-området.....</i>  | <i>29</i> |
| <i>Fonnavatna.....</i>  | <i>30</i> |
| 5.3. <b>Etne kommune.....</b>   | <b>31</b> |
| <i>Vetrhus/Botnane.....</i>   | <i>31</i> |
| <i>Sandvikedalen/Mosnes.....</i>  | <i>32</i> |
| <i>Fjæravassdraget.....</i>   | <i>33</i> |
| 5.4. <b>Odda kommune.....</b>   | <b>33</b> |
| <i>Sandvedalen, Liaset, Buerdalen.....</i>  | <i>33</i> |
| <i>Eitrheim/Tokheim.....</i>  | <i>35</i> |
| 5.5. <b>Ullensvang herad.....</b>   | <b>36</b> |
| <i>Raunsdalen.....</i>  | <i>36</i> |
| <b>6. KONKLUSJON — FYLKESMANNEN SITT REVIDERTE VERNEFRAMLEGG ETTER LOKAL HØYRING.....</b>   | <b>37</b> |
| 6.1. Revidert verneframlegg.....  | 37        |
| 6.2. Konsekvensutgreiing.....   | 38        |
| <b>VEDLEGG</b>  |           |
| I Kart over framlegg til nasjonalpark med tilhøyrande landskapsvernområde.....  | 39        |
| II Framlegg til verneforskrifter for Folgefonna nasjonalpark, Bondhusdalen landskapsvernområde, Ænesdalen landskapsvernområde, Hatteberg landskapsvernområde og Buer landskapsvernområde..... | 40        |
| III Kopi av mottekne høyringsuttaler (samla under eige omslag)  |           |

# 1. BAKGRUNN OG HISTORIKK

Arbeidet med verneplan for Folgefonna starta formelt i 1998 med oppstartsmøte og utsending av oppstarts melding om verneplanen. Samstundes var det og høyring på forslag til utgreivingsprogram for konsekvensutgreiing etter reglane i plan- og bygningslova.

Åra før dette var prosessen førebudd gjennom eit forprosjekt til verneplanen, «Registreringsprosjektet for Folgefonna nasjonalpark og kulturminnevern i Rosen dal», eit samarbeid mellom fylkesmannen, Riksantikvaren ved fylkeskonservatoren og Kvinnherad kommune. Målet for prosjektet var mellom anna å samle dokumentasjon og kunnskap om det komande nasjonal parkområdet.

Parallelt med dette vart det frå 1999 gjennomført eit prosjekt med midlar frå Landbruksdepartementet, med føremål å sikre ein god og konstruktiv prosess mot landbruket i verneplanarbeidet. Eit resultat av dette var mellom anna skiping av Folgefonna Grunneigarsamskipnad i desember 1999.

Raskt etter oppstart av verneplanarbeidet vart det sett i gang registrering av ulike verneinteresser og brukarinteresser i planområdet. Det vart utarbeidd ei rekke rapportar, som no ligg som underlagsmateriale til verneplan og konsekvensutgreiing: Botanikk, dyre- og fugleliv, kvartærgeologi, berggrunnsgeologi, landskap, opplevingsverdi, reiseliv/turisme, kulturminne/kulturhistoriske førekommstar, vasskraftinteresser og landbruk.

I tida etter oppstartsmøtet er det gjennomført om lag 50 møte og synfaringar i planområdet, der grunneigarar, organisasjonar, kommunar og andre aktørar har teke del. Dette har vore avgjerande for at fylkesmannen skulle gjere seg kjent med området, og kome i dialog med grunneigarar og andre aktørar for dei ulike interessene som knyter seg til områda innanfor arbeidsgrensene for planarbeidet.

I november 2000 nedsette fylkesmannen ei referansegruppe i arbeidet med verneplanen. Gruppa har medlemer frå alle kommunane, organisasjonar og grunneigarsamskipnaden, og har hatt ei rådgjevande rolle i arbeidet. Gruppa har hatt 5 møte.

Hausten 2002 utarbeidde fylkesmannen nettside om verneplanen. Alt grunnlagsmateriale ligg her, og nettsida har vore oppdatert etter kvart som prosessen har gått framover.

<http://www.miljostatus.no/hordaland/tema/naturområde/>

Verneplan og konsekvensutgreiing vart sendt på lokal høyring i august 2003. Frist for høyringa var 1. desember, men kommunane fekk frist fram til 31. desember 2003.

Etter at høyringa vart avslutta har fylkesmannen gjennomført oppfølgjande drøftingsmøte med aktørar for vasskraftinteressene, om skogbruket i Ænesdalen,



Fylkesmannen sende i august 2003 framlegg om vern av ein 573 km<sup>2</sup> stor nasjonalpark og 5 tilhøyrande landskapsvernområde på i alt 87,2 km<sup>2</sup> til lokal høyring. Det er reaksjonane på dette høyringsframlegget som no vert oppsummert.

busetjing og vegproblematikk i Buerdalen og om skisenter/breføring/friluftsinteresser ved sommarskisenteret i Jondal.

Landbruksavdelinga og miljøvernnavdelinga ved fylkesmannsembetet har hatt eit tett samarbeid gjennom heile planprosessen.

Framlegget til verneplan og fylkesmannen sine tilrådin gar etter lokal høyring er såleis framsett etter ein grundig prosess. Det er lagt stor vekt på å avgrense områda på ein måte som sikrar dei særegne nasjonale naturverdiane i området, samstundes som ein har søkt å unngå at etablerte næringsinteresser vert liggjande inne i verneområdet. Det er og lagt vekt på å tilpasse vernforskriftene slik at bruk som reelt sett ikkje forringar vernekvalitetane skal kunne gå føre seg innanfor rammene av vernet.

Fylkesmannen vil peike på at ein finn naturkvalitetar av høg verdi i fleire delområde som vi ut ifrå ei samla vurdering tilrår vert tekne ut av verneframlegget. Like eins har det vore uråd å møte alle ønske om utnytting av ressursar til næringsføremål, då dette etter fylkesmannen sitt syn vil føre til at nasjonalt viktige verneværdiar går tapt.

## 1.1. Lokal høyring

Det kom inn 72 høyringsuttaler, sjå nummerert liste nedanfor:

| <b>Nr.</b>  | <b>Instans</b>   | <b>Saksnr.</b> | <b>Dok.dato</b> |
|---|--|----------------|-----------------|
| <b>Kommuner og fylkeskommune</b>  |  |                |                 |
| 1   | Hordaland fylkeskommune  | 03/11981-80    | 22.12.2003      |
| 2   | Odda kommune   | 03/11981-82    | 06.01.2004      |
| 3   | Ullensvang herad   | 03/11981-77    | 18.12.2003      |
| 4   | Kvinnherad kommune   | 03/11981-81    | 05.01.2004      |
| 5   | Etne kommune   | 03/11981-76    | 19.12.2003      |
| 6   | Jondal kommune   | 03/11981-74    | 15.12.2003      |
| <b>Andre offentlege instansar og friviljuge organisasjonar m.v.</b>           |  |                |                 |
| 7   | Felles uttale frå fire kraftselskap  | 03/11981-11    | 07.11.2003      |
| 8   | Statkraft  | 03/11981-13    | 10.11.2003      |
| 9   | AS Tyssefaldene  | 03/11981-14    | 11.11.2003      |
| 10  | Sunnhordland kraftlag AS   | 03/11981-27    | 25.11.2003      |
| 11  | Kvinnherad Energi AS   | 03/11981-30    | 27.11.2003      |
| 12  | Rosendal Elektrisitetsverk AS  | 03/11981-38    | 27.11.2003      |
| 13  | Norges Vassdrags- og Energidirektorat, Region Vest                           | 03/11981-70    | 08.12.2003      |
| 14  | Fiskeridirektoratet, Region Hordaland  | 03/11981-65    | 02.12.2003      |
| 15  | Universitetet i Bergen, Inst. for geografi                                   | 03/11981-39    | 27.11.2003      |
| 16  | Baroniet i Rosendal  | 03/11981-66    | 04.12.2003      |
| 17  | Norwegian Water Company AS   | 03/11981-42    | 28.11.2003      |
| 18  | Naturvernforbundet Hordaland   | 03/11981-73    | 11.12.2003      |
| 19  | Naturvernforbundet i Kvinnherad  | 03/11981-59    | 29.11.2003      |
| 20  | Naturvernforbundet i Etne  | 03/11981-33    | 24.11.2003      |
| 21  | Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland                                   | 03/11981-9     | 28.10.2003      |
| 22  | Norges Jeger- og Fiskerforbund-Hordaland                                     | 03/11981-47    | 27.11.2003      |
| 23  | Hordaland Reiseliv   | 03/11981-85    | 09.02.2004      |
| 24  | Bergen Turlag  | 03/11981-23    | 24.11.2003      |
| 25  | Haugesund Turistforening   | 03/11981-8     | 27.10.2003      |
| 26  | Kvinnherad Turlag  | 03/11981-44    | 26.11.2003      |
| 27  | Folgefond Sommer Skisenter   | 03/11981-43    | 26.11.2003      |
| 28  | Folgefond Breførerlag  | 03/11981-29    | 26.11.2003      |
| 29  | Folgefond Sommarskisenter AS/<br>Folgefond Bresport AS/Folgefond Breførerlag | 03/11981-88    | 14.03.2004      |
| 30  | Informasjonsnemnda for Hattebergvassdraget                                   | 03/11981-86    | 09.02.2004      |
| 31  | Arbeidsgruppa for bruk og vern   | 03/11981-49    | 01.12.2003      |
| 32  | Gruppessvar frå konferansen «Folgefonna NP<br>— vern og utvikling»           | 03/11981-35    | 28.11.2003      |
| <b>Grunneigarorganisasjonar, einskilde grunneigarar og andre rettshavarar</b> |  |                |                 |
| 33  | Hordaland Bondelag   | 03/11981-40    | 28.11.2003      |
| 34  | Kvinnherad Bonde- og Småbrukarlag  | 03/11981-64    | 30.11.2003      |
| 35  | Etne Bonde- og Småbrukarlag  | 03/11981-37    | 25.11.2003      |
| 36  | Etne Bondelag  | 03/11981-54    | 30.11.2003      |
| 37  | Etne Skogeigarlag  | 03/11981-68    | 29.11.2003      |
| 38  | Folgefonna grunneigarsamskipnad-Odda<br>og Odda og Røldal Bondelag           | 03/11981-20    | 24.11.2003      |
| 39  | Odda Bygdekvinnelag  | 03/11981-22    | 06.11.2003      |
| 40  | Hatteberg og Guddalsdalen grunneigarsamskipnad                               | 03/11981-67    | 03.12.2003      |
| 41  | Valestrand Beitesforening  | 03/11981-45    | 27.11.2003      |
| 42  | Grunneigarane på Eikemo i Etne   | 03/11981-62    | 02.12.2003      |
| 43  | Grunneigarane av gnr. 64/6, Kvinnherad kommune                               | 03/11981-57    | 29.11.2003      |
| 44  | Grunneiere av gnr. 98/2 og 99/1, Etne kommune                                | 03/11981-7     | 05.10.2003      |
| 45  | Grunneierne av gnr. 95/1,2,3,4, Etne kommune                                 | 03/11981-62    | 02.12.2003      |
| 46  | Seimsfoss grendalag  | 03/11981-55    | 27.11.2003      |
| 47  | Åkrafjorden Utmarkslag   | 03/11981-18    | 22.11.2003      |
| 48  | Bruksretthavarar i Buerdalen   | 03/11981-21    | 21.11.2003      |

|    |  |             |            |
|----|--|-------------|------------|
| 49 | Grunneigarane av gnr. 47/1,2,3,4,5,6,8, Ullensvang herad | 03/11981-53 | 29.11.2003 |
| 50 | Grunneigarane på Ænes, Kvinnherad kommune                | 03/11981-25 | 24.11.2003 |
| 51 | Grunneigarane i Guddalsdalen, Kvinnherad kommune         | 03/11981-32 | 21.11.2003 |
| 52 | Bondhusdalen Grunneigarlag                               | 03/11981-10 | 30.10.2003 |
| 53 | Guddalsdalen elveeigarlag                                | 03/11981-24 | 11.11.2003 |
| 54 | Hatteberg og Guddalsdalen grunneigarlag                  | 03/11981-67 | 03.12.2003 |
| 55 | Ragnar Nøttveit  | 03/11981-84 | 03.11.2003 |
| 56 | Harald Håland  | 03/11981-71 | 03.12.2003 |
| 57 | Bjørn Klette   | 03/11981-61 | 30.11.2003 |
| 58 | Lars Børge Sæberg  | 03/11981-60 | 28.11.2003 |
| 59 | Terje M. Enes  | 03/11981-75 | 29.11.2003 |
| 60 | Johnny Bråtvæit og Egil Astad                            | 03/11981-56 | 25.11.2003 |
| 61 | Steinar Kroka  | 03/11981-16 | 10.11.2003 |
| 62 | Oddvin Tokheim   | 03/11981-52 | 29.11.2003 |
| 63 | Pål Tømmernes  | 03/11981-51 | 30.11.2003 |
| 64 | Kjetil Borge   | 03/11981-50 | 30.11.2003 |
| 65 | Ola-Petter Tokheim                                       | 03/11981-48 | 27.11.2003 |
| 66 | Jan Reidar Tokheim                                       | 03/11981-46 | 27.11.2003 |
| 67 | Oddvin Tokheim   | 03/11981-52 | 29.11.2003 |
| 68 | Olav P. Enes   | 03/11981-41 | 27.11.2003 |
| 69 | Liv Jane Mosnes  | 03/11981-12 | 10.11.2003 |
| 70 | Oddvar Enæs  | 03/11981-26 | 24.11.2003 |
| 71 | Tore J. Hatteberg  | 03/11981-79 | 08.12.2003 |
| 72 | Arthur Hansen  | 03/11981-17 | 21.11.2003 |

Følgjande tilsende høyringsinstansar hadde ingen merknader til planforslaget:

Fiskeridirektoratet, region Hordaland, gruppесvar frå konferansen «Folgefonna nasjonalpark — vern og utvikling». Alle andre instansar har i varierande grad poengert sine synspunkt, som er utgangspunkt for storparten av dette dokumentet.

I det vidare er dei innkomne synspunkta nedteikna og vurderte så godt som fylkesmannen har mакта. Mange av høyringsuttalene er komplekse i den meining at dei tek opp mange ulike tema. Det er ei vanskeleg oppgåve å fange opp alle nyansar i ein omfattande uttale og formidle dette vidare i eit samanfattande dokument som dette. Mange stader har ein merknad relevans både for spesifikke punkt i vernereglane og for eit geografisk område. Vi har prøvd å sortere dette etter beste evne, og presentert temaet der det synest mest naturleg.

Generelt har vi sortert dei innkomne merknadene etter følgjande oppsett:

- ★ Merknader til konsekvensutgreiinga.
- ★ Generelle merknader til verneframleggat.
- ★ Merknader til verneforskriftene for nasjonalparken og dei 5 landskapsvernområda.
- ★ Merknader til vernegrenser og verneform, sortert kommunevis.

Til slutt i dokumentet presenterer fylkesmannen eit revidert verneframlegg, basert på ei samla og omfatrande vurdering av merknadene som kom inn gjennom lokal høyring. Det er gjort til dels store endringar samanlikna med framlegget som vart sendt til høyring, noko som er eit resultat av at høyringsprosessen har vore konstruktiv og nyttig, med mange viktige framlegg og tankar.



## 2. MERKNADER TIL KONSEKVENSUTGREIINGA

### 2.1. Lovheimel

Folgefonna grunneigarsamskipnad-Odda / Odda og Røldal Bondelag meiner i felles fråsegn at fylkesmannen ikkje har oppfylt utgreiingsplikta si når det gjeld å klärgjere i kva grad staten har juridisk heimel for å leggje band på store private areal (sjå s. xx)

Fylkesmannen meiner lovgrunnlaget er klårt gjennom lovverk og rettspraksis. Det er ingen tvil om at staten i omfattande grad har høve til å gjere framlegg om nasjonalparkvern sjølv på store private areal. Fylkesmannen har utført eit oppdrag med utgangspunkt i nasjonalparkmeldinga, der fleire av dalføra inn mot brekappa er framheva som viktige for heilskapen. Det ville vere uråd å fremje eit fullgodt verneforslag utan at ein inkluderte til dels store areal i privat eige. Fylkesmannen har såleis ikkje sett det som naudsynt å utdjupe dette særskilt gjennom konsekvensutgreiinga.

### 2.2. Kraftutbygging og økonomiske konsekvensar av vern

I felles uttale frå Sunnhordland Kraftlag AS, Kvinnherad Energi, AS/Tyssefaldene, Statkraft SF samt individuell uttale frå Sunnhordland Kraftlag, NVE Region Vest, og Terje M. Enes vert det uttalt at fylkesmannen ikkje har gjort ei tilfredsstillande konsekvensutgreiing. Det vert hevda at konsekvensutgreiinga er mangelfull ved at dei økonomiske konsekvensane av vernet og samfunnsmessige fordelar ikkje er utgreidde godt nok. Vidare viser dei til at konsekvensutgreiinga ikkje har med kraftaktørane sine alternativ, der alle aktuelle kraftutbyggingsprosjekt var utelatne frå vern, og at den såleis ikkje viser korleis desse alternativet ville påverke verneplanen. Dette er eit ønske som kraftselskapa gav uttrykk for i perioden før utgreiingsprogrammet vart endeleg fastsett. Til sist viser dei til at det er gjort ein formell feil ved at arbeidsgrensa vart endra i samband med fastsetjing av konsekvensutgreiingsprogrammet.

Konsekvensutgreiinga baserte seg på 4 geografiske alternativ, varierande i utstrekning frå det meste av arealet innanfor arbeidsgrensa ned til arealet som berre omfattar statsgrunn. I desember 2001 sende dei største kraftaktørane på Folgefonna halvøya inn to «mellomalternativ» som dei hadde ønske om skulle bli utgreidde på same vis. Kartet til høgre viser det eine av desse. Om lag slik ville eit verneområde bli avgrensa dersom alle planlagde og eksisterande kraftutbyggingsprosjekt vart haldne utanfor vern. Det andre mellomalternativet er ganske likt, men det aktuelle verneområdet er der noko større ettersom eksisterande reguleringar i Hattebergvassdraget, Myrdalsvatnet og Bondhusvatnet der ligg innanfor utgreiingsgrensene.

Fylkesmannen har ikkje utgreidd desse to geografiske mellomalternativa spesifikt, men valde i staden å vurdere kvart einskild kraftutbyggingsalternativ i detalj opp mot dei opphavlege alternativa. Det er teknisk sett ei anna løysning enn den kraftaktørane hadde ønske om, men kraftinteressene er ikkje blitt mangelfullt vurderte av den grunn.

Når det gjeld ønsket om å få utgreidd økonomiske og samfunnsmessige fordelar ved utbygging, meiner fylkesmannen at dette ikkje har vore fullt ut mogleg ut ifrå den kunnskap som samla sett låg føre då konsekvensutgreiinga vart utarbeidd. Kraftaktørane gjennomførte ei kartlegging av vasskraftressursane i utgreiingsområdet, som har medverka konstruktivt til å gje eit oversyn over aktuelle nye utbyggingsprosjekt og øvrig kraftpotensiale i området. Denne ressurskartlegginga har i høg grad vore nytta gjennom konsekvensutgreiinga. Sjølv om fylkesmannen ikkje har utgreidd konsekvensane av eit geografisk alternativ som utelukkande var basert på maksimal utnytting av resterande kraftpotensiale på Folgefonna halvøya (som samstundes ville vere lite gunstig frå ein naturvernsynsstad), har dette ikkje hatt innverknad på at kraftutbyggingsinteressene er rettmessig og utførleg omhandla i prosessen. Fylkesmannen meiner dessutan at det ville vore vanskeleg å samanstille eit påliteleg faktagrunnlag som viser samfunnsmessige og økonomiske konsekvensar av utbyggingstiltaka, til dømes i form av arbeidsplassar. I så fall måtte ein måle dette opp mot tilsvarende vurderingar av andre interesser som turisme, friluftsaktivitetar m.v., som er endå vanskelegare å fastsetje ei økonomisk verdivurdering av. Spørsmålsstillinga vart vurdert i samband med fastsetjing av utgreiingsprogrammet, men fylkesmannen vart då ikkje pålagt å gå djupare inn i denne problemstillinga enn det var grunnlag for.



Når det gjeld kraftaktørane sine alternativ, kan fylkesmannen i ettertid sjå nytten av at konsekvensutgreiinga på ein meir tydeleg måte hadde omhandla kraftinteresene i planområdet. Det er like fullt snakk om at den tekniske formidlinga kunne vore annleis, men det ville ikkje hatt innverknad på resultat og konklusjon. Kraftaktørane sitt alternativ ligg implisitt i utgreiinga gjennom skildring av verneverdiar, verneformål og verknader for ubyggingssinteressene. Fylkesmannen vil ut ifrå dette hevde at problemstillinga er handsama grundig nok i konsekvensutgreiinga.

Fylkesmannen meiner elles at det ikkje er gjort formelle feil då arbeidsgrensa for verneplanen vart endra etter at framlegg til utgreiingsprogram hadde vore til høyring. Nettopp denne grensa var eit viktig høyringstema då, og at den skulle takast opp til vurdering saman med andre aktuelle utgreiingstema. Justering av arbeidsgrensa etter denne høyringa førte elles til ei innsnevring av verneomfanget, og kan såleis neppe ha vore til ugunst for kraftutbyggingsinteressene i området.

### **2.3. Naturfaglege undersøkingar**

Naturvernforbundet i Etne, Naturvernforbundet i Hordaland (NVH), Norsk Ornitologisk Forening - avd. Hordaland (NOF) meiner at dei naturfaglege undersøkingane ikkje er gode og omfattande nok. NOF viser til at planområdet er viktig for fleire raudlisteartar. NVH meiner at verneframlegget ikkje omfattar dei mest ver-

neverdige områda når det gjeld botanikk, og at fleire område burde vore undersøkt. Dei meiner og at undersøkinga av fugle- og dyreliv er overflatisk. NVH viser til føremålet med oppretting av nasjonalpark, å sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestadar, og meiner det er alarmerande at det ikkje er brukt meir ressursar på å dokumentere tilstanden når det gjeld pattedyr i området. NVH set krav om at det vert vurdert tiltak som kan auke populasjonar av fjellrev, jerv og gaupe i området.

Fylkesmannen er samd i at det ideelt sett burde ligge meir omfattande dokumentasjon til grunn for arbeidet med ein verneplan av denne storleiken. Då arbeidet med verneplan for Folgefonna starta opp, hadde fylkesmannen avgrensa kunnskap om verneområdet, men det ein vissste vart systematisk gjennomgått i «Registreringsprosjektet for Folgefonna nasjonalpark og kulturmiljøet i Rosendal». Så snart verneplanarbeidet starta opp vart det sett i gang arbeid med dokumentasjon av ulike verne- og brukarinteresser, og mykje registreringsarbeid vart etter kvart utført innanfor dei ressursar som har vore til rådvelde i prosessen.

Fylkesmannen meiner det er tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til å fremje verneframlegg og gjere vedtak i sak. Kunnskapsgrunnlaget kan rett nok alltid bli betre og somme naturfaglege tilhøve vil endre seg over tid. Det vil såleis styrke forvaltinga om ein i ettertid følgjer opp med supplerande undersøkingar av aktuelle naturfaglege tema.

# 3. GENERELLE MERKNADER TIL VERNEFRAMLEGGET

## 3.1. Grunnleggande haldning

Følgjande uttalepartar er utan etterhald positive til verneframlegget: Naturvernforbundet i Etne, Naturvernforbundet i Hordaland (NVH), Norsk Ornitoligisk Forening, avd. Hordaland (NOF), Norges Jeger og fiskerforbund - Hordaland (NJFF), Universitetet i Bergen, Institutt for geografi, Naturvernforbundet Kvinnherad, Kvinnherad Turlag, Kvinnherad bonde- og småbrukarlag, Informasjonsnemnda for Hattebergvassdraget, Hordaland Reiseliv, Bergen Turlag, DWRS - Baroniet i Rosendal. Naturvernforbunda peiker på at Noreg har eit internasjonalt ansvar for å sikre naturen på Folgefonna, og meiner det er viktig å ta med heile Folgefonna frå fjord til bre.

Kommunane og Hordaland fylkeskommune er positive til oppretting av nasjonalpark, men ønskjer at grensa vert trekt ved tregrensa. Ingen av desse partane har uttala seg positivt om forslaga om opprettning av landskapsvernområde.

Kjetil Borge uttaler at fylkesmannen sitt framlegg til verneforslag er redusert i høve opphavlege planar. Kon-

sekvensutgreiing og verneforslag burde i større grad lagt vekt på å sikre villmarksprega område. Han meiner at skepsis frå lokalt hald gjer at nasjonale og regionale verneinteresser blir sett til side. Han viser til ulike stortingsmeldingar og peiker på at grunnene for å legge vekt på vern er sterkare enn grunnane for å tillate ny vasskraftutbygging. Vidare viser han til at eit vern vil kunne gje den største verdiskapinga for grunneigarane, at ny forvaltingspraksis i landbruket kan hindre nedlegging av gardsbruk og opne for miljøtilpassa arbeidsplassar.

Fylkesmannen viser til Stortinget si handsaming av nasjonalparkmeldinga og oppfølgjande føringar frå MD og DN. Fylkesmannen si oppgåve er å fremje eit verneforslag som omfattar verneverdig kvalitetar på Folgefonna og tilliggjande naturområde, inkludert dalføra og anna areal når desse har verdi for å sikre artar og naturtypar, område for forsking, overvaking, undervising, friluftsliv og reiseliv. I uttalene frå kommunane og fylkeskommunen er desse omsyna lite fokusert. Dersom vernegrensa skulle bli trekt ved tregrensa vil svært mange viktige vernekvalitetar gå ut av verneframlegget. Dette finn fylkesmannen ikkje tilrådeleg, men fylkesmannen vil like fullt hevde å ha teke mykje omsyn for å redusere konfliktgrad i høve til næringsverksemd og andre samfunnsinteresser.

Fylkesmannen viser elles til at det primært har vore betra kunnskap om eksisterande bruk og inngrep som har vore førande for justering av arbeidsgrensa gjennom verneplanprosessen. Målet om å sikre villmarksprega område er framleis viktig i vektlegginga av vernekriteria.

## 3.2. Lovheimel i naturvernlova

Folgefonna grunneigarsamskipnad-Odda / Odda og Røldal Bondelag, Erling Enes meiner at staten ikkje har heimel til å la nasjonalparken omfatte stort meir enn staten sin eigedom, jf. formuleringa *grunn av same art* i naturvernlova § 3, 1. ledd. Dei viser til at statseigedomen på Folgefonna i hovudsak er isbre, medan dei private eigedomane er av ein annan naturtype. Vidare viser dei til høgsterettsdomen om Hardangervidda nasjonalpark der det vart sagt at staten berre har heimel for å leggje band på private areal som samla sett er mindre i omfang enn staten sitt eige areal ("... den private grunn må fremtre som et tillegg..."). Grunneigarlaget meiner at statens del av nasjonalparkframlegget utgjer 60 %, og at verneplanen ikkje kan vedtakast før dette prinsippet er avklara.

Fylkesmannen viser til at prosentdelen av nasjonalpark på privat grunn på Hardangervidda ligg på 52 %. Fylkesmannen si tilråding til vern slik det går fram av tabellen på s. 38 viser at 55,9 % av nasjonalparken på Folgefonna er privat grunn.



55% av nasjonalparken på Folgefonna ligg på privat grunn etter fylkesmannen si tilråding etter lokal høyring. Somme vil venteleg meine at dette er mykje, men fylkesmannen meiner det ligg innanfor rammene av det som dagens lovverk gjer mogleg. Det ville blitt ein sterkt redusert verneplan både i omfang og kvalitet dersom ein utelukkande skulle halde seg til grunn som staten eig i området (statsallmenning), jf. kartet over. Dette arealet dreier seg stort sett om isbre og sterkt glasialt påverka berggrunn nært opp mot dagens iskant. Avgrensinga for statsallmenningen er identisk med Alt. D i konsekvensutgreiinga.

Fylkesmannen meiner dette verneframlegget ligg innanfor rettspraksis og difor kan aksepterast. Vesentlege areal privat grunn er fjerna frå verneframlegget som eit resultat av lokal høyring, og fylkesmannen har fokusert på faktiske verneverdiar når det gjeld dei areala som står att. Det er dessutan viktig å vere klar over at mesteparten av statsgrunn på Folgefonnahalvøya er isbre. Utan vern av tilgrensande glasialt prega berggrunn, kvartærgeologiske førekomstar og brepåverka vassdragsnatur, ville ikkje verneframlegget vere dekkande for Folgefonnahalvøya som ein heilskap.

Dersom det like fullt er eit mål å redusere omfanget av privat grunn i nasjonalparken på Folgefonna, kan ein vurdere å la ein større del av det totale verneområdet inngå i landskapsvernombordet i staden. Dette bør i så fall avgrense seg til område som grensar opp mot nokre av dei føreslegne landskapsvernombordet. Døme kan vere området Ænesdalen-Nordlifjellet-Myrdalsvatnet og Bondhusvatnet-Heimadalen. Fylkesmannen vil i utgangspunktet ikkje tilrå slike endringar, og viser til den vidare diskusjonen i dette dokumentet. Fylkesmannen vil heller ikkje tilrå å ta ut andre privateigde areal frå verneframlegget enn det som allereie er gjort etter lokal høyring. Vi har som hovudprinsipp meint å inkludere intakte verneverdiar som er knytta til sjølve Folgefonna og nedbørsfeltet til vassdraga som har sitt utspring herifrå i verneframlegget. Lengst i sør aust har vi rett nok teke med ein liten del av Fjæravassdraget sitt nedbørsfelt, på grunn av nærleiken til botanisk svært interessante område og då området også representerer ein attraktiv tilkomst inn mot breen.



Kommunikasjon og medverknad kan alltid bli betre ved utarbeidninga av større verneplanar. Det gjeld nok også prosessen omkring Folgefonna nasjonalpark, sjølv om fylkesmannen heile tida har prøvd å spele på lag med lokale aktørar og kommunane. Her eit bilete frå ei synfaring i september 2002, der fylkesmannen sin prosjektleiar Anniken Friis er omkransa av tre ordførarar. Frå venstre: Einar Lutro (Ullensvang herad), Anniken Friis, Torleiv Mikkelsen (Odda kommune) og John Skogseth (Jondal kommune). Ordførarane i Etne og Kvinnherad deltok ikkje på synfaringa, men var med på møte tidlegare same dag.

### 3.3. Medverknad

Etne kommune meiner at verneplanarbeidet ikkje stettar krava i sakshandsamingsreglane til naturvernlova (T-3/99) med omsyn til medverknad og konfliktløysing. Det vert serleg retta kritikk mot samarbeidet i siste fase før høyringsdokumenta vart sendt ut.

Kvinnherad kommune ber om at kommunane, eventuelt referansegruppa får høve til å delta i utarbeidning av verneplanforslaget som skal på sentral høyring.

Fylkesmannen viser til at verneframlegget vart lagt fram for referansegruppa kort tid før høyringa, men er samtidig i at referansegruppa burde fått betre tid i denne fasen av arbeidet.

Det har elles vore god kontakt med kommuneadministrasjonane underveis, og særskilt god kontakt med politisk nivå i kommunane mot slutten av prosessen. Fylkesmannen vil understreke at referansegruppa har ein rådgjevande funksjon mot fylkesmannen i arbeidet med verneplanen. Etter lokal høyring er alle høyringsuttalene gjennomgått og moglege tilrådingar frå fylkesmannen diskutert med gruppa. Det er og arrangert fleire møte etter høyringa, der aktuelle kommunar har vore med, sjå s. [xx](#). Fylkesmannen vil orientere kommunane om denne tilrådinga i samsvar med retningslinene i rundskriv T-3/99 frå MD. I sum meiner fylkesmannen å ha følgt gjeldande retningsliner for medverknad.

### 3.4. Vasskraftinteresser

Uttalene frå Sunnhordland Kraftlag AS, Kvinnherad Energi, AS/Tyssefaldene, Statkraft SF, NVE- Region Vest og Rosendal Elektrisitetsverk AS tek opp følgjande problemstillingar:

- ★ Dersom vern gjer vurdering/konsesjonshandsaming av aktuelle kraftutbyggingsprosjekt umogleg, vil dette ikkje vere i tråd med føringane i stortingsmeldingar om Samla Plan og nasjonalparkar. Grensa må endrast slik at vern ikkje fører til at opprustnings- og utvidings (OU-) prosjekt i Samla Plan (SP) kategori 1 eller prosjekt unntake SP vert stoppa. Prosjekta bør etter deira mening kunne gå gjennom konsesjonshandsaming slik at moglege konsekvensar for samfunn og miljø vert synlege. I denne samanhengen kan ein eventuelt setje vilkår om avbøtande tiltak.
- ★ I Kjøsnesfjorden, Jostedalen nasjonalpark vart det opna for nye bekkeinntak, noko ein og må kunne gjere på Folgefonna.
- ★ Fleire vassdrag innanfor planområdet er varig verna. Vassdragsnaturen burde difor vore godt nok sikra.
- ★ Det er ulogisk å inkludere eksisterande anlegg i nye verneområde, og samstundes nekte nye anlegg av tilsvarende karakter. Det er vanleg praksis å halde kraftanlegg utanom verneområda.

Fylkesmannen viser til følgjande:

- ★ Stortingsmelding om nasjonalpark gir miljøvernstyresmakta klårt mandat til arbeidet med verneplanen. Oppfølging av energipolitiske mål gjennom O/U-prosjekt må etter fylkesmannen sin oppfatning primært skje utanfor aktuelle verneområde.
- ★ Det vil vere i strid med verneføremålet å tillate konsesjonshandsaming av vassdrag i verneforskrifta, både i landskapsvernombordet og nasjonalpark. Ingen av verneformene gir opning for nye tekniske inngrep

# Slik er kraftutbyggingsprosjekta vurderte

Kartet viser kva som vert framtida for eksisterande og påtenkte kraftutbyggingsprosjekt innanfor vernegrensene dersom fylkesmannens framlegg til vern av nasjonalpark og landskapsvernområde går gjennom.

**Grøn bakgrunn:** Kan realiserast, eller ingen endring frå i dag.

**Raud bakgrunn:** Kan ikkje realiserast.

## Eitrheim/Tokheim

Tyssefaldene AS har for tida dette utbyggingsprosjektet til konsesjonhandsaming, parallelt med verneplanprosesessen. Produksjonspotensialet her er på 97 GWh/år, men utbyggingskostnaden er høg. Blåvatnet, som er regulert frå før, har aldri vore omfatta av verneframlegget. Drift av eksisterande anlegg er såleis ikkje i konflikt med verneinteressene, men den planlagde Eitrheim/Tokheim-utbygginga let seg ikkje sameine med det verneframlegget som fylkesmannen no legg fram etter lokal høyring.

## Blådalsvatn til Juklavatn

OU-prosjekt i Statkraft SF sin regi som vil betre drifta av Jukla pumpekraftverk og auke produksjonen utan ny magasinering. Krev fleire nye bekkeinntak innanfor framlegget til nasjonalpark. Friteke frå Samla Plan. Produksjonspotensialet er 57 GWh/år til ein kostnad av 2,64 kr/kWh. Utbygging let seg ikkje sameine med fylkesmannen sitt verneframlegg slik grensene no er trekte.

## Middagsvatn

Statkraft SF sine planar om overføring av Middagsvatn til allereie regulerte Mysevatn ligg under grensa for kva som skal handsamast i Samla Plan. Det er eit avgrensa prosjekt med 2 GWh/år som totalt produksjonspotensiale.

Fylkesmannen sitt verneframlegg har ikkje lagt føringar på dette prosjektet, korkje i framlegget som vart sendt til lokal høyring eller no.

## Bondhusdalen

Her finst fleire eksisterande innretningar i samband med kraftutbygging, m.a. er Bondhusvatnet litt regulert. Desse inngropa inngår i fylkesmannens framlegg til Bondhus landskapsvernområde. Vernereglane vil ikkje vere til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande anlegg her.

## Myrdalsvatn

Her har Rosendal Elektrisitetsverk AS ei eldre, mindre regulering. Sjølvé reguleringa ligg utanfor framlegg til nasjonalpark, men delar av det regulerte Myrdalsvatnet ligg innanfor. Vernereglane er ikkje til hinder for dagens drift og vedlikehald.

## Muradalen kraftverk

Denne eksisterande kraftutbygginga, som m.a. omfattar 3,5 m regulering av Svartvatnet og Prestvatnet, ligg innanfor grensene av Hatteberg landskapsvernområde. Vernereglane vil ikkje vere til hinder for vedlikehald og drift etter gjeldande konsesjon for dette anlegget.

## Fonnvatna

Dette prosjektet til Sunnhordland Kraftlag AS er til handsaming i Samla Plan, og har eit produksjonspotensiale på 42 GWh/år. Miljøkvalitetane i dette vassdraget er store, og har høg prioritert i verneplanen. Dersom fylkemannens verneplan vert vedteken, kan kraftpotensialet ikkje byggjast ut.

## Eikemolva

Dette OU-prosjektet til Sunnhordland Kraftlag AS er til handsaming i Samla Plan, og har eit produksjonspotensiale på 71 GWh/år. Som eit resultat av lokal høyring går Vetrhus/Botnane landskapsvernområde ut av verneplanen. Verneplanen er såleis ikkje lenger til hinder for ei eventuell realisering av desse utbyggingsplanane.

i samband med kraftutbygging. Også avbøtande tiltak er vanskelege å sameine med vern. Dersom konseksjonshandsaming skal gjennomførast før vernevedtak vil det i praksis føre til at verneområda vert reduserte i omfang.

- ★ Verneplanprosessen og konsekvensutgreiinga dokumenterer på ein grundig måte dei ulike interessene som er gjeldande i saka. Vurdering og avvegning i spørsmålet utbygging eller vern må difor skje i samband med vernesaka, no når denne er fremja først.
- ★ Dømet Kjøsnesfjorden er ikkje relevant for Folgefonna. Her vert det gjort grensejusteringar og dei aktuelle bekkeinntaka blir liggjande utanfor nasjonalparken.
- ★ Hovudprinsippet er å trekke grensa for nye verneområde utanom eksisterande tekniske anlegg. I praksis kan ein likevel akseptere anlegg inne i landskapsvernområde dersom grensevurderinga gjer ei slik løysing naturleg, men ikkje i nasjonalpark som er ei strengare verneform.

### 3.5. Nasjonalparksenter

Kvinnherad kommune føreset at eit nasjonalparksenter knyta til Folgefonna Informasjonssenter får tilført tilstrekkelege ressursar.

Jondal kommune, Hordaland Reiseliv, meiner at ein satellitt av nasjonalparksenteret bør lokaliserast til Jondal Sommarskisenter.

Fylkesmannen viser til at Folgefonna Informasjonssenter som det første i landet er gjeve førebels autorisasjon som nasjonalparksenter, og motteke økonomiske ressurser frå 2003, før verneområda er oppretta. Vidare løyingar vil bli formidla på vanleg måte gjennom søknad og med utgangspunkt i rammeløyve frå statsbudsjettet. Det er ein føresetnad at informasjonsaktivitet skal finne stad i alle dei kommunar som har areal innanfor nasjonalparken.

### 3.6. Forvaltingsplan

Hordaland fylkeskommune viser til at det er viktig å utforme ein forvaltingsplan som på best mogleg vis samordnar brukar- og verneinteressene i verneområdet. Grunneigarane på Ænes, Erling Enes, grunneigarane i Guddalsdalen meiner planen burde ha vore utarbeidd i framkant av vernevedtaket. Alle ventar at dei vert tekne med på råd i prosessen.

Fylkesmannen er samd i at forvaltningsplanen ideelt sett burde vore utarbeidd parallelt med verneplanen, slik at ulike spørsmål knytta til skogdrift, motorferdsle, byggetiltak og anna kunne vore meir avklara på vernetidspunktet. Fylkesmannen er innstilt på å starte prosessen så snart det vert løyvd naudsynne midlar til arbeidet. Utarbeiding av planen vil skje i nært samarbeid med aktuelle aktørar.

### 3.7. Økonomisk erstatning

Kvinnherad kommune meiner det er prinsipielt forkastleg at næringsaktørar som vert råka av verneplanen ikkje får økonomisk kompensasjon for redusert inntekt. Også følgjande uttalepartar er opptekne av erstatningsspørsmålet: Grunneigarane i Guddalsdalen, Hatteberg og Guddalsdalen Grunneigarlag, Oddvar Ænes, Oddvar Tokheim og Jan Reidar Tokheim.

Fylkesmannen må vise til lovgrunnlag og rettspraksis som i dag gjeld for erstatning ved opprettning av nasjonalparkar og landskapsvernområde, men at temaet om eventuell innføring av ny erstatningsordning er til vurdering i Biomangfaldlovutvalet. Innstilling frå utvalet vil ligge føre i løpet av 2004, og vil kunne få verknader for erstatningsoppgjeren for verneområde på Folgefonna. Like fullt er det særskilt viktig for å hindre at grunneigarar og andre lir reelle tap ved å trekke grenser for verneområda slik at dei økonomiske konsekvensane vert minimaliserte, samstundes som dei sentrale verneverdiane vert sikra. Vidare er det viktig at forskriftene opnar for drift og aktivitet som ikkje forringar verneverdiane.



Ein viktig del av verneføremålet for Folgefonna nasjonalpark er å ta vare på urørt natur, herunder brekappa. Dei fleste vil truleg vere samde i at breen skal vernast. Ikkje berre er det få næringsinteresser direkte knytta til den — breen er også svært vakker. Sett ovanifrå er det mange nye inntrykk og dimensjonar som framtrer. Foto: Jan Rabben.

## 4. MERKNADER TIL VERNEFORSKRIFTENE

Under omtale av verneforskrifta er endringar og tillegg til høringsforslaget merka med understrekning. Det er nytta kursiv når det vert vist til ein aktuell del av forskrifta.

Fylkesmannen gjer merksam på at grunneigaroversiktene ikkje er fullt oppdaterte i dei ulike forskriftene. Ein ser det som mest naturleg at dette arbeidet vert gjort saman med kommunen etter at sentral høyring er sluttført, slik at ein då kan fange opp eventuelle endringar som måtte bli gjort gjennom sentral høyring.

### 4.1. Føremål

Kvinnherad kommune og Jondal kommune vil ta inn eit punkt om at verneområda skal stimulere til natur- og kulturbasert næringsutvikling i bygdene rundt. Grunneigarane i Gudalsdalen, Naturvernforbundet Kvinnherad og Lars Børge Sæberg tek til orde for å inkludere «berekriftige, naturbaserte småskala tilleggsnæringer til tradisjonelt landbruk» som del av verneføremålet. Etnekommune meiner at verneforskrifta må tilpassast brukarinteressene og opne for skånsam næringsutvikling/bygdeturisme i føremålet. Folgefonna Informasjonssenter-

arbeidsgruppa for bruk/vern meiner verneframlegget opnar lite for kontrollert bruk av natur og ressursar, og at intensjonen med å ha eit samspel mellom natur, kultur, og næring ikkje er tilfredsstilt. Dei meiner verneforskrifta «hermetiserar» dagens situasjon innanfor verneområdet, noko som er særleg uheldig for kulturlandskapet.

Fylkesmannen vil peike på at ei verneforskrift ikkje kan ha med føringar for bruk av areal som ligg utanfor grensa til det aktuelle verneområdet. Når det gjeld å inkludere næringsutvikling i verneføremålet for nasjonalparkar eller landskapsvernområde er det ikkje heimel for dette i naturvernlova § 3 eller 5. I praksis vil likevel vern kunne stimulere til lokal natur- og kulturbasert næringsutvikling dersom lokalsamfunna sjølv utnyttar potensialet som blir skapt gjennom vern.

Fylkesmannen vil ut ifrå vurderingar om at det kan vere ønskeleg å verne kulturminne og kulturmiljø i stølsområda gjere framlegg om dette som tillegg i føremålet, både i nasjonalpark og landskapsvernområde. I landskapsvernområda er det nytta uttrykket «ta vare på» om kulturlandskapet, ut ifrå at dette i større grad uttrykker det dynamiske aspektet ved å sikre eit kulturlandskap. Sjå ny formulering:

## NP § 2

- Føremålet med opprettinga av nasjonalparken er å:
- ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggjande område med fjell og bre,
  - ta vare på verdfull vassdragsnatur,
  - sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar,
  - sikre viktige geologiske førekommstar,
  - sikre verfulle kulturminne og kulturmiljø.

## LVO §2

Føremålet med opprettinga av ..... landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytta til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet
- sikre viktige geologiske førekommstar og biologisk mangfald
- sikre verdfull vassdragsnatur
- ta vare på verdfulle kulturlandskap og verne om verdfulle kulturminne og kulturmiljø.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

## 4.2. Tilhøvet mellom verneregler og forvaltingsplan

Kvinnherad kommune meiner vernereglane i §3 burde vore meir generelle og at regelverket i staden vert meir spesifisert i forvaltningsplanen.

Fylkesmannen viser til at verneforskrifta er eit juridisk bindande dokument, medan forvaltningsplanen utdjupar og gir retningsliner for tolking av forskrifta. Det er ikkje mogleg å nytte forvaltningsplanen til å regulere tiltak og aktivitetar utan heimel i forskrifta. Fylkesmannen meiner difor at ein ikkje kan følgje tilrådinga frå Kvinnherad kommune utan å miste hovudpoenget med å nytte naturvernlova i området.

## 4.3. Eksisterande tekniske anlegg

Kraftselskapa viser til at forskriftene må opne for utvikling av ny teknologi og nye driftsmåtar i kraftanlegga, og ikkje «hermetisere» dette på dagens teknologiske nivå. Dei foreslår ei formulering som tek høgde for teknisk/bygningsmessig utvikling av anlegga både når det gjeld drift, vedlikehald og rehabilitering.

Fylkesmannen forslår at unnataksreglane tek inn kraftanlegg som eige punkt både i nasjonalparken og landskapsvernombråda. Formulering av punkt 1.2 b (sjå under) er utarbeidd etter forslag frå kraftselskapa. Fylkesmannen vil presisere at eventuell rehabilitering må skje innanfor rammene av gjeldande konsesjon.


Kraftselskapa viser til at det kan vere påkravd å drive opprydding på sletta nedanfor Bondhusbreen, til dømes som å flytte massar og sprengje stein ved bruer og stiar. Slikt arbeid er alt innlemma i unnataksregelen i pkt. 1.2 c:

### §3 NP og LVO

#### 1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- (a) Vedlikehald av bygningar, eksisterande vegar og andre innretningar, luftleidningar, kraftanlegg, vatningsanlegg og andre innretningar som er naudsynt for drift av turlagshytter, stolar m.m. Vedlikehald av bygningar omfattar ikkje ombygging eller utviding av bygningar. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal byggjeskikk.
- (b) Drift, vedlikehald og rehabilitering av kraftanlegg innanfor ramma av gjeldande konsesjon.
- (c) Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper med bruer, klopper, vardar, merking, skilt i samsvar med forvaltningsplan.

Norwegian Water Company AS søker om uttak av vatn til produksjon av drikkevatn i Sandvikevatnet, sjå s **xx**. Fylkesmannen viser til at det gjeld svært små mengder vatn, som ikkje vil vere merkbart i vassdraget. Vi meiner likevel det er rett å ta inn eit unnatakspunkt i forskrifta, der øvre grense for inntak av vatn vert presisert.



Mosnesdal har utan tvil eitt av dei flottaste landskapa som er omfatta av verneframlegget for Folgefonna nasjonalpark. Vassdraget er også varig verna mot kraftutbygging. Det er lansert ein tanke om å ta ut drikkevatn frå Sandvikevatnet (største vatnet på biletet), for industriell produksjon. Det er tale om ei svært avgrensa vassmengd utan synlege inngrep, og fylkesmannen synest såleis det er grunnlag for å ta inn eit særskilt punkt om dette tiltaket i vernereglane for nasjonalparken. Punktet vil sjølv sagt berre bli nytta dersom planane ein gong skulle bli realitet. Foto: Jan Rabben.

Framlegg til nytt punkt:

### § 3 NP

Forvaltningsstyremakta kan gje løyve til:

#### Pkt 1.3 (j)

Uttak av vann til drikkevassproduksjon fra Sandvikevatnet dersom vassmengda ikkje overstig 15 l/sek og inngrepet ikkje er synleg innanfor nasjonalparken.

i Buerdalen ønskjer å kunne attreise og restaurere stølsbygg og stølsmiljø. Baroniet føreset at vernet vert sett i samanheng med trong for økonomisk stønad til restaurering av kulturminne innanfor verneområdet. Dei ønskjer opning for vedlikehald og attreising av gamle bygningar. Ola-Petter Tokheim, grunneigarane på Ånes ønskjer opning for å reise jaktkoie. Haugesund Turistforening, Bergen Turlag og Etne kommune ønskjer opning for å bygge sikringshytte på turlagshyttene (Sauabrehytta og Holmaskjer).

## 4.4. Nydyrkning, nygrøfting, kalking og grustak

Hatteberg og Guddalsdalen grunneigarlag uttalar at vern ikkje må vere til hinder for nydyrkning, nygrøfting og kalking. Åkrafjorden Utmarksdag, Etne bonde- og småbrukarlag er og opptekne av utnytting av grustak til vegutbetring/vedlikehald på vegen til Vetrhus. Grunneigarane i Ånesdalen viser til at vern vil hindre utnytting av sand og grusførekomstar i dalen.

Fylkesmannen: Nydyrkning, grøfting, kalking og opning av større sand- og grustak er tiltak som i prinsippet ikkje kan sameinast med vern etter naturvernlova. Derimot er grøfting og kalking av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite å rekne som ordinære tiltak som ledd i skjøtsel og drift av slike areal. Slike tiltak er gjeve eit generelt unnatak i pkt. 1.2. (d) i vernereglane for landskapsvernombråda.

Eksisterande vegar som vert liggjande innanfor verneområdet må kunne haldast ved like på rasjonelt vis. Som eit resultat av høringsrunden er det no berre i Hatteberg landskapsvernombråde at det ligg køyreveg innanfor vernegrensene. Her er det neppe noko grustak som kan nyttast til føremålet, men fylkesmannen tilrår like fullt følgjande tillegg til vernereglane her:

### §3 HATTEBERG LANDSKAPSVERNOMRÅDE

#### Pkt. 1.2. Reglane i punkt 1.1. er ikkje til hinder for:

(b) Vedlikehald av vegar i samsvar med forvaltningsplan, herunder mindre uttak av grus i eksisterande grustak der dette er naudsynt for slikt vedlikehald.

Fylkesmannen viser til at byggetiltak i Hardangervidda nasjonalpark, til dømes knytta til oppføring av nybygg i samband med landbruk eller restaurering av steinbuer er regulert i verneforskrift og forvaltningsplan. Ved siste revisjon av kongeleg resolusjon for denne nasjonalparken vart det gjort fleire presiseringar for praktisering av reglane knytta til byggeverksemd. Fylkesmannen vil peike på at Hardangervidda har særleg sterke brukstradisjonar knytta til villreinjakt, garnfiske og støling, og at reglane for bygningar avspeglar desse brukarinteressene. Dei same tradisjonane finn ein ikkje i same grad på Folgefonnahalvøya. Regelverket for ein nasjonalpark her må difor primært ta inn i seg tradisjonane frå dette området.

Når det gjeld landbruksbygg, viser fylkesmannen til at store delar av føreslegen nasjonalpark og landskapsvernombråde som ikkje er dekt av is vert nytta til beite. I forslag til verneforskrift for landskapsvernombråda er det gitt opning for løyve til nybygg i samband med landbruksdrift.

I løpet av verneplanprosessen har det vore fleire saker der grunneigarar ønskjer å bygge gjeterbu til bruk i tilsyn. Fylkesmannen meiner verneforskrifta ikkje bør utelukke oppføring av bygningar som er naudsynte i landbruksdrifta, også i nasjonalparken. Det er likevel viktig å presisere kva som vert rekna som landbruksdrift, då dette omgrep etter kvart vert tolka i utvida tyding, ikkje minst knytta til tilleggsnæringer i landbruket. Fylkesmannen foreslår difor eit tillegg i verneforskrifta der dette er konkretisert som jordbruk, skogbruk og husdyrnæring i forskrift både for nasjonalpark og landskapsvernombråda, inkludert stølsbygg som nyttast i slik samanheng, sjå forslag til punkt 1.3 c (NP) og 1.3 d (LVO).

## 4.5. Bygningar

Odda kommune ønskjer tilsvarende reglar som for Hardangervidda nasjonalpark når det gjeld vedlikehald av bygningar og nybygg. Grunneigarane i Guddalsdalen, Lars Børge Sæberg, Etne bonde- og småbrukarlag, grunneigarane på Eikemo, peiker på trong for nye bygningar i samband med landbruksdrifta. Dei ønskjer unnatak for nyoppføring og påbygging på naudsynte landbruksbygg. Bruksretthavarar i Buerdalen ber om opning for bygging av nye våningshus, og ombygging/utviding av bygningar dersom dalføret vert inkludert i landskapsvernombrådet. Fleire av uttalepartane ønskjer unnatak i verneforskrifta for nybygg til småskala næringsverksemder. Steinar Kroka, DWRS - Baroniet i Rosendal, grunneigarar og bruksretthavarar på Måge, Folgefonna Informasjonssenter — arbeidsgruppa for bruk/vern, Kvinnherad bonde- og småbrukarlag, bruksretthavarar

Innanfor verneområdet ligg mange stølsbygg og restar av slike, nokre berre i form av nedraste murar. Å tillate attreising av alle slike bygg vil vere det same som å gje løyve til nybygg, dvs. at dei vil krevje dispensasjon frå LNF-området i kommuneplanen. Fylkesmannen meiner at verneforskriftene ikkje kan opne for tiltak som normalt ikkje vil vere tilletne utanfor verneområda, og at det er rett å gje løyve til dette berre dersom det er viktig for å ta vare på eller restaurere kulturminne og kulturmiljø. Sjå forslag til nytt pkt. 1.3. g under. For å sikre heimelen til slike tiltak har fylkesmannen og foreslått å ta inn eit punkt om dette i føremålet for verneområdet, sjå s xx.

Når det gjeld sikringsbu ved turlaghytter ønskjer ikkje fylkesmannen å spesifisere dette i dispensasjonsreglane, men viser til at slike søknader kan vurderast etter den generelle dispensasjonsregelen i § 4.

#### §4 NP og LVO

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unnatak frå reglane når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege granskningar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege høve når dette ikkje er i strid med verneføremålet.

Ut ifrå diskusjonen over foreslår fylkesmannen følgjande formuleringar i § 3:

#### §3 NP

##### 1.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (a) Ombygging og utviding av bygningar. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet i området.
- (b) Ny oppføring av bygningar som går tapt ved brann eller naturskade.
- (c) Oppføring av naudsnyte bygningar og anlegg i samband med oppsyn, jordbruk, skogbruk og husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus.
- (d) Bygging av bruer og klopper.
- (e) Merking og rydding av nye stiar og løyper, og oppsetjing av skilt og vegvisarar i samsvar med forvaltingsplan.
- (f) Oppsetjing av gjerde i samband med beite eller tiltak for å hindre skorfeste.
- (g) Oppattbygging og restaurering av stølshus o.l for å sikre viktige kulturminne og kulturmiljø.

#### §3 LVO

##### 1.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (d) Oppføring av nye bygningar som er naudsnyte i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggeskikk

## 4.6. Skogbruk/vegbygging

Kvinnherad kommune meiner at reglane i landskapsvernområda må gje opning for naudsnyt vegbygging etter reglane i skoglova. Grunneigarane på Vetrhus, grunneigarane på Ænes, grunneigarane i Guddalsdal, Kvinnherad bonde- og småbrukarlag, Erling Enes, Hordaland Bondelag er opptekne av at vern vil legge restriksjonar på skogsvegbygging. Fleire meiner at vernet ikkje må hindre bygging av enkle, men naudsnyte skogsvegar.

I fylkesmannen si tilråding til grense for verneområda på Folgefonna vil det bli liggjande litt kulturskog og noko annan økonomisk drivverdig skog innanfor landskapsvernområde. Omfanget av dette er gjort nærmare greie for på s. **xx**.

Fylkesmannen viser til at verneforskrifta opnar for avverking av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne treslag og naudsnyte skogkulturtiltak i samsvar med forvaltningsplan. Fylkesmannen meiner at det i tillegg kan vere riktig å opne for bygging av enkle driftsvegar for mellombels bruk til utkjøring av kulturskog der dette etter ei samla vurdering er den beste løysinga for landskapet. Forvaltingsplanen må setje rammer for slik bygging.

Fylkesmannen foreslår nytt punkt i verneforskrifta under pkt 1.3:

#### §3 LVO

##### 1.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (i) Bygging av enkle driftsvegar til mellombels bruk for uttak av kulturskog i samsvar med forvaltningsplan.

## 4.7. Attgroing av kulturlandskapet

Mange høyringsinstansar, som Kvinnherad bonde- og småbrukarlag, Folgefonna grunneigarsamskipnad / Odda og Røldal Bondelag, grunneigarar i Guddalsdal, Hordaland Bondelag, Naturvern forbundet Kvinnherad, Lars Børge Sæberg, bruksretthavarar i Buerdalen er opptekne av attgroinga som skjer i utmarka, og meiner at dette er det største trugsmålet mot naturkvalitetane og kulturlandskapet. Dei er ottefulle for at vern kan gjere det vanskelegare for grunneigarane å drive områda, noko som og på sikt kan gå ut over kulturlandskapet i verneområdet. Nokre grunneigarar har hatt tradisjonar for sviing av lyng på stølsområda og ønskjer å halde fram med dette. DWRS - Baroniet i Rosendal ønskjer å drive skjøtsel for å hindre attgroing, stell av gammal styringsskog og ta opp att gamle driftsformer og økologisk beitedrift i Muradalen.

Fylkesmannen ser på attgroing som naturleg følgje av redusert beitetrykk og mindre utnytting av utmarka generelt. Dette fører til at landskapsbiletet endrar seg. Det er ingen grunn til å tru at vern i seg sjølv vil påverke denne utviklinga. Tvert om vil ein ved eit vernevedtak lettare kunne argumentere for tilskot til tiltak som motverkar attgroinga der landbruksdrifta er lagt om, i område der ein vurderer det som viktig å oppretthalde spesielle kvalitetar i kulturlandskapet. Fylkesmannen har dessutan lagt stor vekt på å tilpasse verneframlegget til aktiv landbruksdrift, gjennom grensedraging og utforming av verneregler.

Fylkesmannen vil i denne samanhengen peike på at omlegging av verkemiddel i norsk landbruk etter kvart gjer det svært aktuelt å nytte tilskotsmidlar til landskapsskjøtsel i verneområda. Slik sett kan gardsbruk med areal innanfor verneområda på sikt bli aktuelle



Attgroing av kulturlandskapet er mykje fokusert i landbruket i dag. Slik tilhøva er på Folgefonnahalvøya, er det neppe grunn til å tru at det vert meir attgroing innanfor eit framtidig verneområde enn utanfor. Biletet viser beitande sauar frå Fynderdalen. Foto: Anniken Friis.

# Korleis er det teke omsyn til landbruksinteressene kring Folgefonna etter lokal høyring?

Ved utarbeidninga av verneframlegget har fylkesmannen sett det som viktig å prioritere mest mogleg av dei samla naturfaglege vernekvalitetane kring Folgefonna. Då vert det naudsynt i nokre tilfelle å rette merksemda mot nokre av dalføra, særleg for å få med nokre område som har verdi for det biologiske mangfaldet. Dermed er det ikkje til å unngå at ein også kjem inn på område som er interessante i landbrukssamanhang. Dette er fylkesmannen sterkt medviten om, og det har heile tida vore viktig at konflikten mot landbruk og anna primærnæring vert minst mogleg.

Det meste av konfliktpotensialet vart fjerna allereie før verneplanen vart send til lokal høyring i august 2003. Men noko stod likevel att på det tidspunktet, særleg omkring skogbruk i Ænesdalen. I etterkant av lokal høyring har det vore sterk fokus på å redusere den konflikten som var att, og ved justering av både vernegrenser, verneform og verneregler vil fylkesmannen hevde at *den reelle konflikten i høve til det landbruket vi kjenner i dag no bør vere særslig låg*. Det bør gå fram av tabellen nedst på denne sida.

**Dyrka mark:** Det er no berre 129 daa att innan det samla verneframlegget. Alt ligg i landskapsvernombråda, og vernereglane er ikkje til hinder for drift av denne marka.

**Innmarksbeite:** Vel 20% av innmarksbeita som var med i lokal høyring er no heilt ute av verneframlegget. Verne-reglane er ikkje til hinder for drift av innmarksbeite.

**Plantefelt av gran:** Den naturfaglege verneverdien av planta granskog er null. Såleis er det viktig også for vernestyresmaktene å unngå plantefelt i verneframlegget, men ikkje alltid er dette til å unngå. Det er no minimalt med gran att innanfor verneframlegget, og det er klart ynskjeleg at denne grana vert fjerna når den er hogstmoden. Forvaltingsplanen vil ta opp denne problemstillinga i detalj.

**Lauvskog og furuskog:** Desse skogtypane er viktigare for m.a. det biologiske mangfaldet. Det meste som står att av slik produktiv skog som har vegutløsing i dag, er å finne i landskapsvernombråda. Denne kan drivast, men etter rammer som vil bli gjevne i forvaltingsplanen. Naturskog i nasjonalparken kan ikkje drivast.



Dette er det inste granplantefeltet i Guddalsdalen. Det var omfatta av Hatteberg/Guddalsdalen landskapsvernombråde under lokal høyring, men vert no ikkje omfatta av vern ettersom grensene for dette landskapsvernombrådet er sterkt endra. Dette er eit døme på korleis fylkesmannen har redusert konfliktnivået med landbruket som eit resultat av merknader som kom inn gjennom høyingsrunden. Foto: Anniken Friis.



Betande storfe i idylliske omgjevnader i Bondhusdalen. Innslaget av innmarksbeite i verneområda er redusert med vel 20% etter lokal høyring. Mykke av utmarka i verneområda fungerer dessutan som utmarksbeite, men det har aldri vore tanken å råke beitedrift nokon stad — korkje på innmarksbeite eller i utmarka. Det er såleis ingen reell konflikt mellom verneplanen og slik aktivitet, men nye naudsynte landbruksbygg innan verneområda vil måtte håndsamast særskilt. Foto: Anniken Friis.

## Landbruksinteresser i verneområda før og etter lokal høyring

|                                  | Fylkesmannens framlegg (daa) |                | Framlegg til lokal høyring (daa) |                | Endring (%)  |
|----------------------------------|------------------------------|----------------|----------------------------------|----------------|--------------|
|                                  | Nasjonalpark                 | LVO            | Nasjonalpark                     | LVO            |              |
| Fulldyrka og overflatedyrka mark | -                            | 1129           | -                                | 158            | +18,4        |
| Innmarksbeite                    | -                            | 1233           | -                                | 1564           | +21,2        |
| Produktiv skog med vegutløsing   | ?                            | 4869           | ?                                | 8790           | +44,6        |
| Granskog                         | ?                            | (568)          | ?                                | (1265)         |              |
| Furuskog                         | ??                           | (293)          | ??                               | (1760)         |              |
| Lauvskog                         | ??                           | (3945)         | ??                               | (5765)         |              |
| Produktiv skog utan vegutløsing  | ??                           | (8231)         | ??                               | (11208)        | +26,6        |
| Granskog                         | 63                           | 106            | ??                               | (303)          |              |
| Furuskog                         | (2082)                       | (745)          | ??                               | 4432           |              |
| Lauvskog                         | ??                           | (5235)         | ??                               | (6473)         |              |
| <b>Sum daa</b>                   | <b>??</b>                    | <b>(14462)</b> | <b>??</b>                        | <b>(21720)</b> | <b>+33,4</b> |

aktørar for oppfølging av miljøpolitiske mål innanfor landbruket.

Vi viser elles til at beiting vil vere tillate i heile verneområdet. Av omsyn til friluftsliv eller kulturmiljø kan det i tillegg vere ønskjeleg å halde delar av landskapet ope, og hogst/tynning eller sving er då aktuelle tiltak i tillegg til beiting. Dette er tema som vil bli sentrale i forvaltingsplanen.

## 4.8. Vedhogst

Steinar Kroka, DWRS - Baroniet i Rosendal, grunneigarane i Guddalsdalen, Lars Børge Sæberg, grunneigarar og bruksrettshavarar på Måge, Kvinnherad bonde- og småbrukarlag, Kvinnherad Turlag, Naturvernforbundet Kvinnherad, Lundal-sameiget, Valestrand Beiteforening A/S, Åkrafjorden Utmarksdag, Etne Skogearlag, Etne bonde- og småbrukarlag, bruksrettshavarar i Buerdalen er opptekne av vedhogst. Mange meiner det ikkje må være søknadspliktig å hogge ved til eigen bruk i nasjonalparken, at det heller bør vere romslege reglar for å skjøtte skogen innanfor verneområdet. Det må vere lov å hogge også for sal, då dette og kan medverke til å hindre attgroing. Bergen Turlag ønskjer at ein også stimulerer til uttak av skog til biobrensel-føremål innanfor landskapsvernombråda.

Fylkesmannen er samd i at vedhogst til eigen bruk gjerne kan tillatast, også i nasjonalparken. Det er naturleg at dei få hyttene som ligg inne i området skal kunne ta ved til eigen bruk på hytta. I praksis vil dette knapt bli merkbart i området. Fylkesmannen gjer framlegg om følgjande formulering om vedhogst i nasjonalparkforskrifta:

### § 3 NP

#### 2.2 Reglane i pkt 2.1. er ikkje til hinder for:

- (a) Bruk av området til beite.
- (b) Skånsom bruk av trevirke til bålbrenning.
- (c) Plukking av bær og matsopp.
- (d) Plukking av vanlege planter og friske kvistar til eigen bruk.
- (e) Hogst av ved til eigen bruk i nasjonalparken

Punktet om at ein kan søke om løyve til vedhogst vil då falle bort (pkt. 2.3 i forslag til forskrifter):

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til hogst av ved til hytter og stølar i nasjonalparken.

Når det gjeld produksjon av biobrensel kan dette finne stad i eit landskapsvernombåda dersom det skjer i kombinasjon med øvrig landskapsskjøtsel og innanfor rammene av verneforskrifta (pkt. 2.3.c). I slike døme bør det normalt utarbeidast driftsplanar.

### LVO §3

#### 2.3 Hogst.

Reglane i punkt 2.1. er ikkje til hinder for:

- (a) Hogst av ved til eigen bruk.
- (b) Avverking av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne treslag og naudsynte skogkulturtiltak i samsvar med forvaltingsplan.
- (c) Hogst i samsvar med plan godkjent av forvaltingsstyresmakta.

## 4.9. Organisert ferdsel

Folgefonna Informasjonssenter - arbeidsgruppa for bruk/vern viser til at føreslegne verneforskrifter ikkje opnar for at grunneigarar kan drive organisert turverksemd på line med turlag, skular og liknande. Hordaland Bondelag meiner at punktet om organisert ferdsel bør formulerast positivt og foreslår følgjande tekst: «*Annan organisert ferdsel, kommersiell bruk og andre former for ferdsel i regi av grunneigarane er tillate. Vilkåret er at dette er aktivitetar som ikkje skadar naturmiljøet.*» Bondelaget viser til politiske føringar i revidert nasjonalbudsjett 2002/2003.

Grunneigarar i Buerdalen foreslår at forbodet mot organisert bruk av sykkel og hest utanom vegar går ut av verneforskrifta, både for nasjonalpark og landskapsvernombåda. Hest vert i dag nytta til kløv og riding i stølsområdet, både privat og i organiserte former, og det kan difor vere vanskeleg å skilje mellom lovleg og ulovleg bruk. Når det gjeld sykkel, meiner dei at det er så bratt i området at dette ikkje er relevant.

Fylkesmannen meiner det avgjerande spørsmålet for kva for ferdsel som skal tillatast i verneområdet må vere om det fører til vesentleg slitasje eller øydelegging av naturmiljøet. I staden for å endre teksten i forskriften som foreslått av bondelaget går fylkesmannen inn for å strype tilvising til turlag, skular, barnehagar og ideelle lag, og slik forenkle teksten.

All organisert ferdsel skal ha særskilt løyve dersom det kan skade naturmiljøet. Fylkesmannen meiner difor det ikkje er naudsynt å nemne kommersiell bruk spesielt i forskriften. Vi foreslår og at punktet om bruk av sykkel og hest går ut.

### §3 NP Organisert ferdsel

#### Pkt 5.2

Reglane i denne forskriften er ikkje til hinder for tradisjonell turverksemd til fots, som turar i regi av turlag, skular, barnehagar og ideelle lag.

Anna organisert ferdsel, kommersiell bruk og andre former for ferdsel som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve fra forvaltingsstyresmakta.

### §3 LVO

#### Pkt 4.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskriften er ikkje til hinder for tradisjonell turverksemd til fots, som turar i regi av turlag, skular, barnehagar og ideelle lag.

Anna organisert ferdsel og ferdsel som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve fra forvaltingsstyresmakta.

**NP** Pkt 5.3 utgår:

#### 5.3 Sykling og bruk av hest

Organisert bruk av sykkel og hest er berre tillate langs trasear som er godkjende for slik bruk i forvaltingsplanen.

### LVO pkt 4.3

#### 4.3 Sykling og bruk av hest

Organisert bruk av hest og sykkel er berre lovleg på vegen og trasear som er fastlagde gjennom forvaltingsplanen eller på anna vis godkjende av forvaltingsstyresmakta.

## 4.10. Motorferdsel

Odda kommune ønskjer tilsvarende reglar som for Hardangervidda nasjonalpark når det gjeld motorferdsel i nasjonalparken. Steinar Kroka, grunneigarane på Ænes, Folgefonna grunneigarsamskipnad /Odda og Røldal Bondelag, Lundal-sameiget, grunneigarane på Vetrhus, Valestrand Beiteforening, Åkrafjorden Utmarksdag, Etne Skogeigarlag, Etne bonde- og småbrukarlag er opptekne av at vernet ikkje skal gjere det vanskeleg å frakte materialar, utstyr og folk inn til hytter og stølar i verneområda. Grunneigarar og bruksretts-havarar på Måge og bruksretthavarar i Buerdalen nemner persontransport for eldre og uføre. Grunneigarane på Ænes, grunneigarar i Guddalsdalen, Valestrand Beiteforening vil ha løyve til motorisert transport av felt storvilt. Guddalsdalen elveigarlag ønskjer unnatak for motorisert ferdsel i samband med drift av elva og forskingsprosjekt. Grunneigarane i Guddalsdalen peikar på at dei nyttar påhengsmotor på Hildalsvatnet for å kome inn til stølen på nordsida av vatnet, og ber om at verneforskrifta opnar for dette.

Folgefond Sommerskisenter AS/Folgefond Bresport AS, Jondal kommune ber om unnatak for preparering og merking av langrennsløype dersom denne vert liggjande innanfor nasjonalparken. Kraftselskapa ber om at motorisert ferdsel i samband med drift, vedlikehald og rehabilitering av tekniske anlegg til kraftanlegg ikkje vert søknadspliktig, men at forskrifta gir direkte unnatak for dette.



Gjennom lokal høyring kom det fram at somme ønskjer same reglar for motorferdsle i utmark som i Hardangervidda nasjonalpark. Fylkesmannen finn ikkje å kunne gå inn for det — dertil er omfang og tradisjon for bruk av fjellet for ulikt på Folgefondhalvøya. Biletet er frå Vombsflatane i Hardangervidda nasjonalpark for nokre år sidan — ein situasjon som neppe mange vil ønske i ein norsk nasjonalpark i dag. Foto: Jan Rabben.

Fylkesmannen viser til at forskrifta for Hardangervidda nasjonalpark er tilpassa dei spesielle brukartradisjonane i dette verneområdet, og at det ikkje er naturleg å «kopiere» dette regelverket inn i nye nasjonalparkar (sjá diskusjon s XX). Som hovudprinsipp viser fylkesmannen til at verneforskriftene ikkje kan vere meir liberale enn motorferdslelova, men i størst mogleg grad bør harmoniserast med dette regelverket når det gjeld søknadspliktig ferdsel. I forslag til forskrift for nasjonalpark og land-

skapsvernombordet på Folgefonna er det allereie opna for å gje løyve til motorisert nyttetransport i samband med landbruk, vedhogst og frakt av materialar og utstyr. Dette vil i praksis bli tillate, men nærmere retningslinjer og vilkår vil inngå i forvaltingsplanen. Opning for å gjere unnatak for vitskaplege granskingar er med i framlegg til nasjonalparkforskrift, men ikkje i landskapsvernombordet, og fylkesmannen meiner det godt kan takast med også her. Løyve til motorferdsel i samband med drift av kraftanlegg bør kunne stå som eige unnatakpunkt, sjá forslag til pkt. 6.2 b. Krav om søknad til dette (pkt. 6.3 e) vil då gå ut.

Fylkesmannen kan gå inn for å tillate naudsnyt motorisert transport i samband med storviltjakt i nasjonalparken slik det er føreslege for landskapsvernombordet. Dette er i samsvar med nasjonal forskrift om motorferdsle i utmark § 2b. Naudsnyt transport i samband med husdyrhald (pkt 6.3.b) treng ikkje vere søknadspliktig, og er difor flytta opp til pkt 6.2.c.

Bruk av påhengsmotor på Hildalsvatnet og andre vatn innanfor verneområdet er i utgangspunktet forbode etter gjeldande motorferdsellov, berre tillete dersom det gjeld naudsnyt person- og godstransport i samband med næring. I vatn som er mindre enn 2 km<sup>2</sup> kan likevel kommunen gje løyve til motorisert ferdsel gjennom forskrift eller einskilde vedtak. Fylkesmannen meiner verneforskrifta bør regulere dette på same restriksjonsnivå, og foreslår at pkt. 6.3.f opnar for at forvaltingsstyremakta kan gje løyve til anna naudsnyt motorferdsle dersom det ikkje er i strid med verneføremålet.

Folgefond Sommerskisenter AS/Folgefond Bresport AS ønskjer løyve til å køyre opp og drive langrennsløype for eventuelle profesjonelle brukargrupper innanfor nasjonalparkgrensa. Fylkesmannen meiner det ikkje er i tråd med føremålet i nasjonalparken å tillate aktivitetar som tidvis kan vere ekskluderande for ålmenta, og har i staden gått inn for ei grenseendring for å gje rom for denne aktiviteten utanfor nasjonalparken. Det er og ønskje om kvisting og preparering av turløype i området, til dømes opp til toppen av breen slik som har vært gjort i mange år. Dette kan ein gje rom for i forskrifta pkt 6.3.e.

Også transport av eldre og uføre er i dag strengt regulert etter motorferdsellova. Etter fylkesmannens framlegg til pkt. 6.3.f kan forvaltingsstyremakta eventuelt gje slike løyve etter konkret vurdering av nytte og tilhøve til verneføremål.

Ut frå diskusjonen over foreslår fylkesmannen følgjande tillegg i nasjonalparkforskrifta:

### NP § 3

#### Motorferdsel

##### 6.2 Reglane i pkt 6.1 er ikkje til hinder for:

- (a) Naudsnyt motorferdsel i samband med militær operativ verksem, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltingsoppgåver.
- (b) Drift, vedlikehald og rehabilitering av kraftanlegg.
- (c) Naudsnyt motorisert ferdsel i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrhald samt for uttak av bytte etter storviltjakt.

Somme stader i fylkesmannen sitt verneframlegg er det gjort tankar om å etablere mini- eller mikrokraftverk. Ein av stadene der planane er komne lengst er i Laurdalselva, noko lenger nede i dalen enn dette biletutsnittet er henta frå. Laurdalselva har sine kjelder i Laurdalsbotn opp mot Melderskin, og renn ned til Hattebergvassdraget i Muradalen. Området ligg såleis innanfor framlegget til Hatteberg landskapsvernområde og dessutan i eit vassdrag som er varig vernat mot kraftutbygging. Foto: Stein Byrkjeland.



### 6.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løye til:

- (a) Naudsynt motorferdsel i samband med øving til føremål nemnt i pkt. 6.2 a.
- (b) Motorferdsel i samband med husdyrhald og vedhogst.
- (c) Motorferdsel for transport av material til hytter, klopper m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer
- (d) Motorferdsel i samband med vitskaplege granskningar.
- (e) Motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av tekniske anlegg knytt til kraftanlegg, vassforsyning o.l.
- (f) Anna naudsynt motorferdsle som ikkje er i strid med verneføremålet.

### LVO § 3

#### 5.3 Forvalningsstyresmakta kan gje løye til

- (d) Motorferdsel i samband med vitskaplege granskningar.

## 4.11. Mini- og mikrokraftverk

Fleire stader innafor verneområdet er det gjort tankar om å utnytte vassdrag til kraftproduksjon i form av mini- eller mikrokraftverk, jf. uttalene fra Hordaland Bondelag, grunneigarane på Ånes, Tore J. Hatteberg, grunneigarane i Guddalsdalen, grunneigarane på Vetrhus, Åkrafjorden Utmarksdag, Etne kommune, Valestrand Beitesforening, Folgefonna Informasjonssenter — arbeidsgruppa for bruk/vern.

Fylkesmannen viser til praksis frå andre verneområde, som er at slike kraftanlegg berre kan tillatast i visse situasjonar, til dømes dersom det erstattar støyande dieselaggregat eller andre ureinande kraftkjelder, og krafta som vert produsert vert nytta heilt lokalt. I den grad det er aktuelt å opne for denne type anlegg innafor verneområdet, vil det i alle høve bli gjort ei vurdering av spørsmålet om tiltaket er konsesjonspliktig etter vassressurslova eller ikkje. Fylkesmannen vil kunne setje vilkår som skal inngå i ein eventuell konsesjon i samband med dispensasjon frå verneforskrifta.

Dersom det er aktuelt å opne for mini- eller mikrokraftverk kan forvaltingsstyresmakta gje slikt løye gjennom den

generelle dispensasjonsparagrafen i § 4 («i særlege tilfelle når det ikkje er i strid med verneføremålet»), sjå s. **xx**. Bygging av småkraftverk (installasjonsstorleik 1000 - 10 000 kW) vil i alle høve vere uråd å kombinere med vern etter naturvernlova.

## 4.12. Mindre motordrivne innretningar og verkty

Gjennom uttalen til grunneigarane i Guddalsdalen, Valestrand Beitesforening, er det reist spørsmål om løye til bruk av dieselaggregat, boremaskin og motorsag.

Fylkesmannen meiner vernereglane ikkje er til hinder for bruk av motoriserte verkty eller dieselaggregat dersom dei skal nyttast til verksemd som elles er tillate. I pkt 7.2 gjer fylkesmannen framlegg om å fjerne forbodet mot bruk av motorisert isbor, då dette neppe er relevant på Folgefonna. Forbod mot motorisert bruk av modellfly og modellbåt vert ståande.

Fylkesmannen sitt forslag til endring av punkt om støyureining:

### §3 NP

Pkt 7.2 Bruk av motor på isbor, modellfly, modellbåt o.l. er forbode.

## 4.13. Tilretteleggingstiltak

Seimsfoss grendalag har reist spørsmål om mindre tilretteleggingstiltak for fiske og jaktutøving, stiar og vardar.

Fylkesmannen viser til at tilrettelegging for friluftstiltak knytta til jakt, fiske og turgåing i samsvar med føremålet i verneområda er tillate, og rammene for dette vil bli eit viktig tema i forvaltingsplanen.

## 5. MERKNADER TIL GRENSE OG VERNEFORM

Omtalen av grense og verneform er gjort geografisk etter følgjande «rute»: I nord frå Jondal, langs vest gjennom Kvinnherad og sør gjennom Etne, attende i aust gjennom Odda og nord til Ullensvang.


### 5.1. Jondal kommune

#### Folgefonna Sommarskisenter/Juklavassbreen

Folgefonna Sommerskisenter AS/Folgefonna Bresport AS, Jondal kommune ønsker utviding til kote 1600 for å vere fleksibel i høve til årlege variasjonar i snøtilhøve og gje tilbod til alle aktuelle disciplinar/brukargrupper. Dei vil utvikle treningsområde for langrenn, og meiner dette kan gjerast ved å innarbeide løyve til merking og preparering i forskriftene eller ta arealet ut av verneområdet. Hordaland fylkeskommune ønsker å ta ut aktuelt utvidingsområde for Folgefonna sommarskisenter og leggje til rette for mobilt skitrekk.

*Jondal kommune hadde lite areal i nasjonalparkframlegget som vart sendt til lokal høyring, og har endå mindre no. Det skuldaast at Folgefonna Sommarskisenter har gjeve uttrykk for at det kan bli naudsynt gjennom en ny reguleringsplan å utvide reguleringsarealet for å sikre den framtidige drifta av anlegget. Mykje av den aktuelle aktiviteten er av ein slik karakter at den ikkje let seg sameine med ein nasjonalpark. Det har ikkje vore noko mål for vernestyremakten å råke drifta av skisenteret, så etter oppmoding skisserte leiinga ved skisenteret saman med Jondal Breførarlag og kommunen i mars 2004 kva areal som kan vere aktuelt å regulere til denne utvida skitrekk og treningsområde for langrenn med tida.*

*Kartet nedanfor viser eksisterande reguleringsområde. Den aktuelle utvidinga går lenger opp på breen, difor er den planlagde grensa for nasjonalparken justert oppover slik at heile det aktuelle området for ein reguleringsplan fell utanfor ein framtidig nasjonalpark. Det påtenkte reguleringsområdet femner også om noko areal i Kvinnherad kommune.*



Folgefonna Breførerlag, Bergen Turlag og Kvinnherad Turlag viser til at heving av reguleringsgrensa og drift av langrennsløyper utanfor det regulerte området er i konflikt med kundane til breførarlaget og elles tradisjonelle friluftsinteresser på Nord-breen. Breførarlaget viser til at tryggleik i langrennsløypa må ivaretakast, og at brekunnskap er naudsynt for å ha aktivitet i området.

Naturvernforbundet i Hordaland meiner at utviding av sommarskisenteret og preparering av skiløype er i strid med verneinteressene i ein nasjonalpark.

Universitetet i Bergen - Institutt for geografi viser til at ein markert morenerygg med stor pedagogisk verdi ved Nordre Fonna ligg utanfor verneframlegget.

På bakgrunn av høyringsuttalene inviterte fylkesmannen til eit møte med Folgefonna sommarskisenter, Jondal Breførarlag og Jondal kommune, der dei ulike interessepaneletene i området vart diskutert. Områda mot Juklavass-



*Parti frå området der skitrekket til Folgefonn Sommarskisenter sluttar i dag. Vanskelege snøtilhøve somme år gjer det aktuelt å forlenge skitrekket eit stykke vidare opp på breen. Fylkemannen har flytta grensa for ein framtidig nasjonalpark tilsvarande langt opp for å gje rom for ei slik utviding saman med eit treningsområde for langrenn.*


Foto: Anniken Friis.

breen i sør er svært viktige for aktivitetane til breførarlaget, og bør etter deira meinung ikkje nyttast til støyande aktivitetar og anna som er i strid med tradisjonell og naturvenleg turverksemd. På grunn av bresprekker er dette og eit farleg område. Sommarskisenteret viser til at dei primært ønsker høve til å forlenge trekket opp til om lag 1520m, og elles kunne etablere ei langrennsløype/sløye på om lag 3 km i området.

Dei to aktørane her peika på eit aktuelt område som kan nyttast til dette sør for dagens reguleringsområde. Dette er vesentleg mindre enn det areal som vart peika på i høyringsuttalen frå Sommarskisenteret.

Fylkesmannen viser til at ny gjennomgang av synspunkta med dei mest sentrale aktørane på ein god måte har medverka til å avklare interessene. Området der sommarskisenteret ønsker å legge ei langrennsløype går opp til 1580 moh. Dette ligg nært opp mot topplatået av Nord-breen, og kan difor slå uheldig ut i høve ålmenne friluftsinnterset. På bakgrunn av diskusjonen på møtet

*Frå Kvitnodalen i Kvinnherad. Dersom Statkraft SF sine planar om overføring av Blådalsvatnet (sjå neste side) til Juklavatn skal realiserast, må ytre del av Kvitnodalen måtte utgå av nasjonalparken, i alt eit areal på 1,6 km<sup>2</sup>. Det skuldast at overføringa gjer det naudsynt å ta inn fleire bekkar i dalføret, m.a. bekken på biletet under. Fotos: Stein Byrkjeland.*



vil fylkesmannen likevel gå inn for å ta ut eit område som skissert. Når det gjeld sjølvé bruken av området som eventuelt skal nyttast til langrennsløype, vil fylkesmannen kunne kome attende til dette gjennom medverknad i arbeidet med å utvide reguleringsplanen for skisenteret, men då etter plan- og bygningslova.

Foreslått løysing skulle etter fylkesmannens meinung møte sommarskisenteret sin trøng for utvidingsareal, samstundes som dei viktigaste områda av Nord-breen inngår i nasjonalparken og slik kan sikrast som urørt naturområde.

## 5.2. Kvinnherad kommune

### Blådalen

Statkraft SF, felles uttale frå kraftaktørane i planområdet, Kvinnherad kommune, foreslår endring av vernegrensa slik at prosjektet med overføring av Blådalsvatn til Juklavatn kan realiserast. Kraftselskapa peiker på at prosjektet vart halde utanfor Samla Plan som eit typisk effektiviseringsprosjekt (O/U-prosjekt) som kunne gå til konsesjonshandsaming. I dokumentet som vart sendt til høyring tok fylkesmannen omsyn til prosjektet og la grensa utanom fleire av dei aktuelle bekkeinntaka. Gjennom uttalene kjem det fram at økonomien i prosjektet er avhengig av at dei 3 bekkeinntaka i Kvitnodalen er med. Statkraft foreslår grensendring slik at eit areal på 0,4 km<sup>2</sup> ved Botnabreen går ut av verneplanen saman med eit areal på 1,2 km<sup>2</sup> ytst i Kvitnodalen.

Bergen Turlag, Naturvernforbundet i Hordaland, Kvinnherad Turlag og Naturvernforbundet Kvinnherad går mot kraftutbygging og viser til all utbygging som tidlegare har funne stad i området. Det viktig å ta vare på det som er att av urørt natur og sikre område som er store nok til at ein kan oppleve ro i naturen. Realisering av denne kraftoverføringa vil redusere verneområdet i nord til ein smal korridor, og avstanden frå kjernen i nasjonalparken til yttergrensa vert svært liten. I tillegg utgjer Kvitnodalen eit vilt og vakkert landskap med store kvalitetar.




Områda mellom Midfonna (bak i biletet) og Sørfonna, sett mot NV. Blådalsvatnet ligg heilt til venstre i biletet. Dette vatnet er allereie regulert med 54 m i samband med Folgefondnverkene (Statkraft SF). Kombinert med intakt av ein del bekkar som drenerer mot vest frå sjølve breen, kan vatnet frå Blådalsvatn nyttast meir økonomisk ved å overføre det mot Juklavatn. Denne overføringa er ikkje i strid med nasjonalparkplanane, men intaket av nokre av bekkanne/elvane er det. Foto: Olav Nord-Varhaug.

I samband med utarbeiding av verneframlegget tok fylkesmannen ein del omsyn til Statkraft sine vidare utbyggingsinteresser for Folgefondnverkene ved å leggje verneforslaget utanom Middagsvatnet. Dersom vi tek vidare omsyn til Statkraft sine planar for overføringa av Blådalsvatnet til Juklavatnet, vil ytre del av Kvithodalen måtte gå ut av nasjonalparken, saman med areal ved Botnabreen, til saman 1,6 km<sup>2</sup>. Sjølv om dette i seg sjølv ikkje er så stort areal, skjer det i eit område som gjer at nasjonalparken vert redusert til ein svært smal korridor i overgangen mellom Sørfonna og områda nord for denne (ca. 3,8 km på det smalaste i denne delen). Fylkesmannen ser på Kvithodalen som eit viktig landskapsrom mellom Sørfonna og Midfonna, og meiner difor det er lite ønskjeleg å ta ut dette området. Vi har vore noko i tvil ettersom ein her kan oppnå ei vesentleg kraftmengd ved relativt avgrensa naturinngrep i tillegg til dei som allereie er, men konkluderer like fullt med ikkje å tilra grensendring her. Konsekvensane for nasjonalparken vert etter fylkesmannen si samla vurdering for store, dessutan er utbyggingskostnaden i prosjektet relativt høg.


Kraftutbyggingsprosjektet er friteke frå Samla Plan og vil kunne produsere 57 GWh/år til ein kostnad av 2,64 kr/kWh dersom det vert realisert.

### **Pyttafloene**

Kvinnherad kommune viser til at området vest for Blådalsvatn-Pyttafloene er eit viktig oppmarsjområde for turar til Sørfonna, og foreslår at dette vert inkludert i nasjonalparken. Det bør vurderast å ta med området vest til Hardingskardet og nord til Svartedalsvatnet. Naturvernforbundet Hordaland ønskjer meir dokumentasjon av verneverdiane i området før ein tek avgjerd om å ikkje å inkludere dette arealet i verneområdet.



Kvinnherad kommune har gjort framlegg om å endre nasjonalparksgrensa ved Pyttafloene og i Kvithodalen. Framlegget går ut på å utvide nasjonalparken ved Pyttafloene (den rauda «kilen» i vest) og samstundes ta ut noko areal i Kvithodalen for å gjøre ny kraftutbygging mogleg der. Blådalsvatnet, Mysevatnet og Svartedalsvatnet er alle sterkt regulerte magasin i samband med den eksisterande Fonna-verkene-utbygginga.




## Kvar bør grensene i Bondhusdalen gå?

Bondhusvatnet og Bondhusdalen i Kvinnherad er mellom perlene i det føreslegne verneområdet. Bondhusvatnet er litt regulert frå tidlegare, men fylkesmannen fann likevel å kunne gjøre framlegg om nasjonalparkvern her. Det ville i så fall blitt den staden kring Folgefonna som turistar lettast kunne ta seg inn i sjølve nasjonalparken, noko som truleg kunne hatt positive verknader for turistnæringa lokalt.

Dette framlegget vann ikkje særleg tilslutnad under lokal høyring, og fylkesmannen finn det såleis rett å justere grensa mellom nasjonalpark og landskapsvernområde i Bondhusdalen. Det totale verneområdet er like stort, men Bondhusvatnet og det øvrige arealet innanfor den stipla lina på kartet er no lagt inn i Bondhus landskapsvernområde i staden. Samstundes er det gjort ei lita teknisk justering av grensa mellom dei to verneformene ved Breidablikk opp mot fonna.

Flybileta frå Bondhusdalen er tekne av Jan Rabben i mai 2003.



Fylkesmannen viser til at områda rett vest for Blådalsvatnet låg innanfor arbeidsgrensa til KU. Då verneframlegget vert utarbeidd tok ein likevel ut Blådalsvatnet på grunn av storleiken på reguleringa (54 m), og områda vest for vatnet vart tekne ut då dette gav ei betre avgrensing av området. Området nordover mot Svartedalsvatnet ligg utanfor det som vart omfatta av arbeidet med konsekvensutgreiinga.

Dersom ein ser bort frå at Pyttafloene er eit mykje brukt oppmarsjområde til Sørfonna, kjenner ikkje fylkesmannen til spesielle vernekvalitetar i området. Det er difor vanskeleg å argumentere for å sikre dette området etter naturvernlova. Ei eventuell utviding av verneområdet vil kreve kunngjering og lokal høyring, men det vil eventuelt kunne gjerast parallelt med sentral høyring. Ut frå manglande dokumentasjon av verneinteresser og vanskar med å finne ei god arrondering av verneområdet ved Blådalsvatn vil fylkesmannen ikkje tilrå utviding av verneområdet som føresleger.

## Bondhusdalen/Fynderdalen/Heimadalen

Bondhusdalen grunneigarlag og Kvinnherad kommune viser til dei store tekniske inngrepa i og ved Bondhusvatnet og meiner at området ikkje kvalifiserer for vern som nasjonalpark. Båe partar går inn for at grensa vert lagt ved 600 m o.h. og at Bondhusdalen landskapsvernområde vert teke ut av verneplanen. Folgefonna Informasjonssenter — arbeidsgruppa for bruk/vern meiner nasjonalparkgrensa må flyttast mot vest slik at Bondhusvatnet i staden vert inkludert i landskapsvernombrådet. Johnny Bråteit, Egil Astad (som disponerer vassfallrettar i Pyttelva (Fynderdalselva)) meiner det må etablerast tilbod som utnyttar brearmen i Bondhusdalen mest mogleg, då dette er ein hovudattraksjon for turismen i regionen. Dei meiner Bondhusdalen bør takast ut av nasjonalparken for å opne for turistaktivitetar som til dømes oppgradering av veg, utbygging av transportsystem, «satellitt» til naturinformasjonssenteret og gondolbane. Vidare viser dei til at kraftutbygging i



*Pyttabreen inst i Fynderdalen i Kvinnherad. Etter fylkesmannens meining må dette området heilt klart inngå i nasjonaparken på Folgefonna.*  
Foto: Jan Rabben.

Pyttelva vil kunne gje straum til gondolbane og informasjonssenteret.

Steinar Kroka, grunneigar i Heimadalen ønskjer flytte vernegrensa høgare og er oppteken av beitebruk og forskriftene.

Fylkesmannen viser til den sentrale symbolverdien Bondhusbreen og Bondhusvatnet har på Folgefonna-halvøya. Saman med Buerbreen er dette det mest tilgjengelege brefallet rundt fonna, og utgjer ein særskilt vakker og inntrykksfull innfallsport til nasjonalparken. I samband med framlegging av verneforslaget meinte fylkesmannen det var viktig å leggje grensa nedanfor vatnet av omsyn til at tilreisande, særleg utlendingar, ofte har ønske om å kome inn i sjølve parken. Grensa slik det var føreslege er i lite konflikt med grunneigarane sine interesser i samband med beitebruk og hogst, då desse er konsentrerte til områda lenger ute i dalen og ivaretakne gjennom utforming av forskrifter til landskapsvernombordet.

Ut frå den sentrale plassen Bondhusdalen har i verneplanen, kan fylkesmannen vanskeleg støtte kommunen og grunneigarane på forslaget om ta ut Bondhusdalen landskapsvernombordet. Etter vårt syn ville ein då utelate eitt av dei aller mest sentrale dalføra i heile verneplanen.

Vi kan likevel sjå at vegen og inngrepa frå eksisterande kraftutbygging tilseier at det er vel så riktig å ha Bondhusvatnet som del av landskapsvernombordet i staden for å innlemme det i nasjonalparken.

Dei tankar om utnytting av dalføret som vert framført frå rettshavarane i Pyttelva let seg ikkje kombinere med vern. Når det gjeld Fynderdalen, er fylkesmannen samd med Informasjonsnemnda for Hattebergvassdraget at dette må inngå i nasjonalparken, då dette er eit urort dalføre og vassdrag med store vernekvalitetar knytta til kvartærgeologi, landskaps- og opplevingsverdi.

Fylkesmannen vil tilrå å halde på landskapsvernombordet i Bondhusdalen, men kan gå inn for å flytte grensa mellom dei to verneformene inn til Pyttelva. Bondhusbreen og Fynderdalen må i alle fall ligge innanfor nasjonalparken.

Når det gjeld Heimadalen meiner fylkesmannen at dei punkta som grunneigar tek opp er ivaretakne i verneforskrifta, og heile Heimadalen bør omfattast av nasjonalparken.

### **Furebergsdalen**

Kvinnherad kommune meiner at meir av den produktive skogen i Furebergsdalen bør gå ut av verneplanen. Grunneigar har ikkje gjeve uttale, men har på synfaring og møte gjeve uttrykk for at han ikkje planar om å uttak av skog i området.

Fylkesmannen viser til dei store verneverdiane i denne dalen, knytta til kvartærgeologi, botanikk, landskap, opplevingsverdi og vassdragsnatur. Vassdraget er verna gjennom verneplan IV, og Furebergsfossen ligg som eit

Kjent landemerke like før elva når sjøen. Dei områda som kommunen ønskjer ta ut er det svært vanskeleg å drive utan nye veginvesteringar med tilhøyrande landskapsinngrep. Fylkesmannen tilrår ikkje grenseendring i Furebergsdalen.

## Ænesdalen




Grunneigarane på Ænes og Kvinnherad kommune ønskjer at heile landskapsvernområdet går ut og at nasjonalparkgrensa i staden vert lagt ved Hestabotn, søraust for føresleken LVO-grense. Grunneigarane og Folgefonna Informasjonssenter — arbeidsgruppa for bruk/vern meiner at verneframlegget ikkje tek nok omsyn til nærliggende skogbruk, og ønskjer å diskutere grensa mellom landskapsvernområde og nasjonalpark. Dei viser til at området på sørssida av elva driftsteknisk er tilgjengeleg på lik line med områda på nordsida, og at grensa i alle fall må justerast for å ta omsyn til dette. Ragnar Nøttveit meiner at grensa for verneområdet burde gå ved brekanten.

Fylkesmannen viser til at Ænesvassdraget er varig verna gjennom Verneplan IV, og har store opplevingskvalitetar knytta til den meanderande elva og landskapet rundt denne. Også innan kvartærgeologi og botanikk er det viktige verneverdiar i dalføret. Dalen er open og flat i nedre delar og difor lett tilgjengeleg for eventuell utbygging/tyngre utnytting dersom det ein gong skulle bli opna

*I framlegget som vart sendt til lokal høyring var det fleire uløyste problemstillingar knytta til skogbruk i Ænesdalen landskapsvernområde, som ein tenkte skulle takast opp i meir detalj gjennom forvaltingsplanen. På bakgrunn av merknadene som kom inn gjennom høyringa, samt meir utdjupande diskusjon på eit grunneigarmøte i etterkant, har fylkesmannen vurdert 3 alternative grenseframlegg her. I varierande grad reduserer desse konflikten med skogbruket samanlikna med framlegget til lokal høyring, ettersom viktige skogareal er tekne ut.*

Fylkesmannen går no inn for alternativ 2 av desse, der grensa for landskapsvernområdet er trukt ved Ænessetra. Ved dette alternativet er det meste av den økonomiske drivverdige skogen som har vegutløysing i dag halde heilt utanfor vern, men ikkje alt. Dei brukarkonfliktene som står att etter dette alternativet må finne si løysing gjennom forvaltingsplanen, noko som bør vere ei overkomeleg oppgåve.

*Det er skogbruksinteressene og det sterke innslaget av kulturskog som gjer at fylkesmannen kan stille seg bak eit redusert verneframlegg her. Det er viktig å vere klar over at det framleis finst viktige naturfaglege kvalitetar i Ænesdalen som må forvaltas klokt i framtida, sjølv om nokre av desse kanskje ikkje vert underlagt vern etter naturvernlova ved dette høvet.*




for dette gjennom kommuneplanen. Ut frå ei langsiktig arealforvalting i området vil det etter fylkesmannen si meining vere rett å nytte naturvernlova og verne dei mest sentrale delane av dalføret.

Det er likevel klart at Ænesdalen er det dalføret med største skogbruksinteresser i verneplanen. Det er gjennom åra gjort store investeringar i form av planting, skogkultur og vegar, noko som trekker verneverdiene ned, ikkje minst i ytre og nordre del av dalen. Innanfor foreslått landskapsvernområde ligg det i alt xx daa produktiv skog, og om lag xx daa har vegutløysing i dag eller er tilgjengeleg med enkle, rimelege driftsvegar.

Fylkesmannen viser til verneinteressene i Ænesdalen og vil rå ifrå at ein tek heile dalføret opp til Hestabotn ut av verneforslaget slik kommunen og grunneigarane tek til orde for. Fylkesmannen kan likevel vere samd i at grunnlagsrapporten om landbruk ikkje fullt ut er dekkjande når det gjeld skildring av driftstilhøva på sørssida av dalen. Vi meiner difor det er rett å justere grensa mellom landskapsvernområde og nasjonalpark i delar av dalen. Ved synfaring sist vinter kom det og fram at grunneigarane har teke til med hogst på denne sida.

Fylkesmannen har drøfta dei ulike problemstillingane i eige møte med grunneigarane i etterkant av høyringa. Målet for møtet var å diskutere ulike løysingar som kan kombinere verneinteressene og skogbruksinteressene. Desse alternativa vart lagt fram:





Parti frå Æneselva. Det meanderande elveløpet er svært særprega, og det finst knapt noka elv i Hordaland som kan måle seg med denne i dag. Naturtypen har gått tapt dei fleste andre stader. Grensa for Ænesdalen landskapsvernområde vil etter fylkesmannen sitt framlegg gå ved elva. Foto: Ingvar Grastveit.

1. Områda som har vegutløysing i ytre del av dalføret vert tekne ut av verneområdet. Om lag **xx** daa av dei områda som har størst inngrep og kan nyttast utan nye veginvesteringar vert dermed frigjort frå verneplanen.
2. I tillegg til områda nemnt under punktet ovanfor utgår også området på austsida av vegen fram til Ænestølen. Stølen ligg sentralt til i den mest tilgjengelege delen av dalføret og markerer eit skilje, i og med at bilvegen sluttar her. Dette alternativet frigjør om lag **xx** daa av dei områda som har størst inngrep og kan nyttast utan nye veginvesteringar
3. I tillegg til framlegget under alt. 2 utgår dessutan eit område lenger innover dalen langs eksisterande traktorveg. Dette alternativet vil frigjere det meste av all produktiv skog i dalføret (om lag **xx** daa), også areal som i dag ikkje har vegutløysing .

Eit vern etter alt. 1 vil inkludere delar av dalføret der verneverdiane er reduserte gjennom inngrep i form av skogsvegar, grøfting og granplanting. Fylkesmannen kan ut ifrå dette sjå at det kan vere problematisk å nytte naturvernlova i denne delen av landskapsvernområdet. Dei same vurderingane om inngrepsstatus gjeld alt. 2, men verneverdiane aukar likevel når ein kjem lenger inn i dalen, og etter fylkesmannens meinung aukar dei monaleg frå Ænessetra og innover. Ut ifrå ei rein skogfagleg økonomisk og driftsteknisk vurdering vil eit vern etter alt. 3 vere mest naturleg, sett frå næringa sin ståstad. Etter dette alternativet fell all eksisterande kulturskog utanfor vernegrensa.

Etter ei samla vurdering kan fylkesmannen tilrå vern etter alt. 2. Ut ifrå skogbruksinteressene meiner vi dette kan forsvarast, då vernereglane og forvaltingsplan vert utforma slik at det er høve til bestandsvis avverking av kulturskog inne i landskapsvernområdet. Det vil ikkje berre vere mogleg, men ønskjeleg å ta ut kulturskogen inne i verneområdet etter alt. 2 når den er hogstmoden. Dersom den då vert erstatta med stadeigne treslag, vil ein med tida tilbakeføre landskapet i dette området meir til det opphavlege. Miljøperspektivet nett her er langsik-

tig, men ikkje mindre relevant av den grunn. Ved å følgje alt. 2 vil ein langt på veg ha kome skogbruksinteressene i møte.

Fylkesmannen vil streke under at verneverdiane i dei delar av dalføret som utgår er store. Med fylkesmannens tilråding på dette punktet må desse kvalitetane ivaretakast gjennom kommunens ordinære arealforvalting åleine.

Som ein følgje av at all bilveg i Ænesdalen fell ut etter alt. 2, bør vernereglane for landskapsvernområdet tilpassast dette. Pkt. 5.3 i vernereglane frå lokal høyring går såleis ut.

### **Myrdalsvatn**


Rosendal Elektrisitetsverk AS viser til at Myrdalsvatnet er regulert 3,5 m. Dersom grensa for nasjonalparken ikkje vert trekt utanom, må forskrifa sikre framleis drift av magasinet. Sjølve demninga ligg utanfor føreslege verneområde.

Fylkesmannen presiserer at vern vil ikkje påverke dagens drift av reguleringsmagasinet, og endring i manøvreringsreglement eller konsesjonsvilkår vil ikkje kunne skje utan søknad og godkjenning i NVE. Omsynet til verneområdet vil då måtte bli eit høyringstema. Fylkesmannen viser til at området rundt Myrdalsvatnet har så store kvalitetar at det bør vere med i nasjonalparken. Det vart gjort store justeringar i området i samband med utarbeidning av verneframlegget, då heile sørrenden av vatnet vart teke ut. Ei regulering på 3,5 m er kanskje meir enn det som til vanleg kan tolererast i ein nasjonalpark, men i Myrdalsvatnet er reguleringa synleg berre i korte delar av året. Til vanleg renn vatnet over demninga, men ved påsketider kan vatnet i korte periodar vere noko nedtappa. Nedbørsfeltet til vatnet er likevel så stort at det normalt berre går få dagar før vassnivået er på høgde med demninga att.

Fylkesmannen meiner såleis det er akseptabelt at delar av det regulerte vatnet ligg inne i nasjonalparken, og vil ikkje tilrå grenseendring her.

### **Hatteberg/Muradalen**

Hatteberg og Guddalsdalen grunneigarlag og Harald Håland meiner at konflikten med grunneigarinteressene er større enn det konsekvensutgreiinga viser og at verneverdiane i Muradalen ikkje er så store. Grunneigarlaget tilrår at vernegrensa følgjer tregrensa og vert lagt inne i Murabotn. Tore J. Hatteberg peiker på endra rammevilkår i landbruksnæringa og at det ikkje vil vere mogleg å halde fram med landbruksdrift dersom ein ikkje får utnytte ressursane knytta til bruken. Dersom området blir verna, må jordbruksområde bli lagt utanfor landskapsvernområdet. Garden til T. J. Hatteberg inngår dessutan i Riksantikvaren sin fredningsplan for kulturmiljøet rundt Baroniet.



Parti frå ein del av nasjonalparken som fylkesmannen gjer fraamlegg om, like nord for avgrensinga mot Hatteberg landskapsvernområde. Nede i framkant av biletet vil ein finne Muradalen, medan Melderskin, Laurdalstind og Bjørndalstindane framtrer med sine særmerkte landformer. I framkant av Gygrastolen skjerer Ænesdalen ned mot Maurangsfjorden, som vi ser en liten del av i venstre biletkant. Foto: Jan Rabben.

DWRS - Baroniet i Rosendal er positive til verneframlegget. Skyttarlaga i Kvinnherad viser til at Muradalen har vore nytt til feltskyting med fast årleg aktivitet i generasjonar, og ber om at det ikkje vert lagt hindringar i vegen for å halde fram med dette.

Kvinnherad Energi fryktar at landskapsvern i området vil gjere framtidig drift og vedlikehald av eksisterande kraftanlegg i Hattebergvassdraget vanskelegare.

Kvinnherad kommune tilrår at vernegrensa vert trekt opp til skoggrensa og at eksisterande kraftanlegg med nedslagfelt i Hattebergvassdraget vert teke ut av verneplanen.

Informasjonsnemnda for Hattebergvassdraget viser til at nasjonalparkområdet, verna vassdrag og Baroniet i Rosendal er uløyselig knytt saman. Nemnda tilrår at manøvreringsreglementet til Muradalen kraftverk vert vurdert i samband med oppretting av nasjonalparken. Dette vil sikre at vasstanden i Prestavatn og Svartavatn vert halde på eit nivå som er akseptabelt visuelt, og i tråd med interessene i eit verneområde.

Fylkesmannen vil peike på dei nasjonale verdiane i Rosendalsområdet, frå Baroniet med tilliggjande kulturmiljø og Hattebergfossen, Muradalen, Ringeriksosen og naturområda rundt. Det er viktig å ta vare på samanhengen frå låglandet til nasjonalparkområdet og breen på best mogleg vis. Fylkesmannen meiner det må vere eit klart mål å sikre at desse kvalitetane vert premissjenvande for bruk og utvikling av området, og vi kan ikkje sjå at tilrådingane frå Kvinnherad kommune og grunneigarlaget i tilstrekkeleg grad tek i vare dette omsynet. Dette ligg og til grunn for at Stortinget ved fleire høve har avvist vidare kraftutbygging i Hattebergvassdraget. Til tross for eksisterande inngrep meiner fylkesmannen at landskapsvern vil vere nytig som ramme for forvaltinga i området. Landskapsvern etter naturvernlova vil saman med kulturminnfreding i Baroniet kunne framstå som nyttige framtidige styringsstyringsreiskap saman med kommuneplan og anna aktuelt planverk.

Gjennom utforming av verneforskrifta vil det vere fullt mogleg å handtere eksisterande tekniske anlegg (kraftanlegg, veg, vassforsyningsanlegg og andre tekniske inngrep) innanfor eit landskapsvernområde. Dette ligg etter fylkesmannen sin mening inne i det regelverket som vart sendt til lokal høyring. Unnataket er aktiviteten som følgjer av feltskytinga, som skyttarlaga tek opp gjennom høyringa. Denne aktiviteten har fylkesmannen

ikkje vore kjend med tidlegare i prosessen, men verneforskrifta set heller ikkje direkte forbod mot slik aktivitet ettersom feltskyting neppe kan seiast å verke inn på landskapets art eller karakter og heller ikkje influerer på naturmiljøet. Likevel kan det vere grunnar til at aktiviteten bør regulerast inne i eit landskapsvernområde, i tilfelle det skulle ekskludere andre brukargrupper som t.d. turgåarar. Det er mest naturleg å ta stode til denne problemstillinga gjennom forvaltingsplanen, der ein kan setje rammer og vilkår for å gjere eventuell konflikt med andre interesser minst mogleg.

### Guddalsdalen/Kvannto-området

Grunneigarar i Guddalsdalen peikar på at det finst ca. 140 daa ståande kulturskog inst i Guddalsdal og at om lag 100 daa av dette treng ny vegutløysing. Dei meiner det er mogleg å byggje ein enkel skogsveg utan tyngre inngrep og ønsker difor at verneområdet ikkje omfattar kulturskogen i dalen. Vidare ønsker dei opning for mindre forbygging av elva og viser til at ein nasjonalpark vil legge band på vasskraftressursar. Grunneigarane har framlegg til grensendaringar i Guddalsdalen, og meiner grensa for eit verneområde bør gå langs vasskiljet mellom Guddalsdal og Omvikdal. Kvinnherad kommune meiner grensa bør flyttast opp til tregrensa.

Guddalsdalen elveeigarlag går mot inngrep som endrar vassføring i elva og ser positive verknader av at Fonna-vatna vert inkludert i nasjonalpark. Dei ser ikkje konflikt med verneplanen, men heller mogleg positiv marknadsføringseffekt ved sal av fiskekort i opplevingspakkar. Dei meiner at grensa for landskapsvernområdet bør leggjast forbi Dalsvia, slik at arbeidet med drift av elva vert enklare.

Seimsfoss grendalag er opptekne av å leggje til rette for turgåing og friluftsliv i området, sjå s **xx**.

I Guddalsdalen har det funne stad til dels store endringar sidan lokal høyring når det gjeld avgrensing av verneområda. No er all kulturskog ute av landskapsvern-området, og den reelle konflikten med landbruksinteressene bør no vere marginal i dette området. Som ein følgje er det no naturleg å kalle dette landskapsvernområdet berre for Hatteberg landskapsvernområde.

I grenseområda mot Omvikdalen er også nasjonalparken innsnevra monaleg. No har fylkesmannen valt å følge nedbørsfeltet for Guddalsvassdraget, etter råd frå grunneigarane i Kvannto-området.




Guddalsdalen. I lokal høyring var dei indre delane på biletet omfatta av framleget om Hatteberg/Guddalsdalen landskapsvernområde. Som eit resultat av høyringsrunden har fylkesmannen no gått vekk frå framleget om landskapsvern her. Foto: Jan Rabben.

Grunneigarane, Lars Børge Sæberg, Hordaland Bonde-lag etterspør dokumentasjon på verneverdien i fjellområdet mellom Guddalsdal og Omvikdal (Kvannto-området). Dei viser til at området opplevingsmessig ligg perifert til Folgefonna, og at vassdraga ikkje er knytta opp mot breen. Kvannto-området bør etter deira meining gå ut eller bli verna som landskapsvernområde.

Fylkesmannen kan gå inn for å justere grensa for landskapsvernområde i Guddalsdalen slik at eksisterande økonomisk drivverdige skogområde og område med inngrep i form av granplantefelt går heilt ut. Dei delane av Guddalsdalen som framtrer som urorte, og som det ikkje er knytta særlege brukarinteresser til, vert då liggjande innanfor nasjonalpark.

Ved å endre grensene i slik grad i Guddalsdalen, vert det då lite aktuelt å halde på eit landskapsvernområde her. Såleis endrar namnet på landskapsvernområdet seg



frå Hatteberg/Guddalsdalen landskapsvernombordet i høyriksutkastet til Hatteberg landskapsvernombordet.


I samband med verneplan og konsekvensutgreiing tok fylkesmannen med fjellareaala ned til Omvikedalen, då dette dalføret representerer ei naturleg avgrensing av planområdet i sør. Kor vidt eit nedbørsfelt kjem frå breen eller vassdrag er å rekne som brevassdrag har ikkje vore avgjerande for avgrensinga av arbeidsområdet for verneplanen.

I det aktuelle området finst ein god del inngrepsfri natur. Store delar av Kvannto-området ligg innanfor sone 2, inngrepsfritt naturområde (1-3 km frå nærmeste tekniske inngrep). Ut over dette er dokumentasjonen av vernekvalitetane i dette fjellpartiet mangefull. Fylkesmannen finn det såleis rett å tilrå at nedbørsfeltet til Guddalsvassdraget vert grense for verneområdet i sør. Ein mindre bekk som drenerer til Guddalsvassdraget i sør inngår i nasjonalparken.

### Fonnavatna

Sunnhordland Kraftlag AS, Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune går inn for å endre grensa slik at vern ikkje stoppar overføringsprosjektet av Fonnavatna i Guddalsvassdraget til Blådalen. Saman med overføring av Eikemo utgjer dette viktige element i SKL sin «Generalplan for Blådalsvassdraget». I sin uttale viser SKL til at Guddalsvassdraget vart teke ut av verneplanlista for utvida vassdragsvern, og meiner det bør vere mogleg å finne tilpassa løysingar. Det vert og vist til at utbygging av Fonnavatn og Eikemo er reversibele, og bør difor kunne akseptera. Det er dessutan eit lite kostnadskrevjande prosjekt å bygge ut (0,67 kr/kWh). Utbyggingsprosjektet er til handsaming i Samla Plan.

SKL viser og til at DN sitt kart over inngrepsfrie naturområde (INON) ikkje er korrekt med omsyn til omfanget av villmark og inngrepsfrie naturområde, då det ikkje er teke omsyn til eksisterande inngrep i Inste Botnane då karta vart utarbeidd. SKL har utarbeidd eit revidert kart



Vatn i Kvinnheradsfjella like sør for Fonnavatna. Nett dette vatnet vert ikkje råka av Sunnhordland Kraftlag AS sine planar om å overføre Fonnavatna til det allereie regulerte Møsevatnet, men biletet gjev eit inntrykk av korleis landformene er i dette området. Foto: Jan Rabben.

med kraftlaget si tolking av grensene for inngrepsfri natur i sørkanten av fonna.

Guddalsdalen elveeigarlag, Naturvernforbundet i Hordaland, Naturvernforbundet Kvinnherad, Bergen Turlag, Kvinnherad Turlag, Seimsfoss grendalag går sterkt mot overføring av Fonnavatna. Av dei aktuelle kraftutbyggingsprosjekta innanfor verneplanen er motstanden mot nettopp dette utbyggingsprosjektet spesielt sterkt. Uttalepartane meiner Guddalsvassdraget må inngå i nasjonalparken og slik sikre mest mogleg av vassdraget frå fjord til fonn. Bergen Turlag viser til at Guddalsvassdraget vart prioritert høgt på lista over vassdrag i Hordaland i samband med suppering av verneplanen og viser til dokumenterte verneverdier knytta til geologisk og biologisk mangfald, friluftsliv og opplevingsverdi.

Fylkesmannen deler ikkje oppfatninga om at planlagde inngrep i Fonnavatn og Eikemo er reversible. Sjølv om varige tekniske inngrep i terrenget ikkje alltid er så synlege etter ei kraftutbygging, vil ein vanskeleg kunne reparere t.d. biologisk skade i et vassdrag sjølv om vassvegane til sist skulle bli tilbakeført. Dertil er det neppe særleg realistisk å tru at ei utbygging som først er utført, seinare vil bli reversert slik at området t.d. kan inngå i ein nasjonalpark i framtida. Planlagt overføring frå Fonnavatna vil føre til redusert vassføring og endring i naturmiljøet nedover i vassdraget. I dag er vassdraget heilt urørt i den del som inngår i verneframleggelsen. Fylkesmannen meiner Guddalsvassdraget må ha høg prioritet i arbeidet med verneplanen, og vil tilrå at Fonnavatna som del av Guddalsvassdraget inngår i nasjonalparken.

Fylkesmannen er samd med SKL i at deira kart gjev eit meir korrekt bilet av inngrepa, og vil leggje dette til grunn vidare i prosessen. Dersom overføring av Fonnavatna vert gjennomført, vil det føre til ein samla reduksjon på **xx** daa villmarksområde og **xx** daa inngrepsfri natur i sone 1 (meir enn 5 km frå tyngre tekniske inngrep) og **xx** daa i sone 2. Sørdelen av Folgefonna er eitt av to attverande villmarksprega område i fylket. Det er difor særleg viktig at nye inngrep ikkje reduserer dette arealet ytterlegare.

INON-kart som viser tilstanden etter evt. utbygging av Fonnavatna her?

### 5.3. Etne kommune


#### Vetrhus/Botane

Etne Bondelag meiner at grensa for verneområdet burde gå ved brekanten. Etne Bonde- og småbrukarlag meiner at økonomisk drivbar skog må gå ut. Grunneigarane på Eikemo, Åkrafjorden Utmarkslag, Etne Skogeigarlag, Etne kommune og Hordaland fylkeskommune går mot etablering av Vetrhus/Botnane landskapsvernombård. Dei er redde restriksjonar og reduserte inntekter, og meiner at vern etter naturvernlova ikkje er påkravd for å sikre kulturminne og kulturmiljø på Vetrhus. Dei viser til at plan- og bygningslova, kulturminnelova og aktuelle lover m/ forskrifter innan landbruk vil sikre verdiane på stølen på ein god nok måte.

Når det gjeld marknadsføring i samband med reiseliv, turisme og tilleggsnæringer i landbruket meiner grunneigarane at Vetrhus har nok merksemd. Vern vil truleg ikkje gje like stort løft her som andre stader i planområdet.

Grunneigarane har og gjort seg tankar om å etablere minikraftverk eller inntak til slike innanfor føreslegne grenser for landskapsvernombård. Dei viser og til at vern kan vere til hinder for framføring av ny kraftline gjennom Skreddalen, sjå under.

Sunnhordland Kraftlag AS, Etne kommune og Hordaland fylkeskommune meiner at vern ikkje må stoppe mogleg overføringsprosjekt av Eikemovassdraget til Blådalen. Saman med Fonnvatna utgjer dette viktige element i SKL sin «Generalplan for Blådalsvassdraget». Det er eit relativt rimeleg utbyggingsprosjekt (1,14 kr/kWh), og er til handsaming i Samla Plan. SKL viser og til eksisterande anlegg og installasjonar i Blådalsvassdraget som



Ved lokal høyring gjorde fylkesmannen framlegg om vern av eit 36,7 km<sup>2</sup> stort område i Etne som Vetrhus/Botnane landskapsvernombård. I området finst geofaglege verneinteresser. Også det einaste aktive stølsområdet innanfor arbeidsgrensen for verneplanen finst her, med eit tilhøyrande viktig kulturmiljø. Men vern av området let seg ikkje sameine med å regulere fleire av elvane i området for vasskraftføremål. Som eit resultat av lokal høyring fell fylkesmannen frå tanken om å etablere landskapsvernombård her.

**Under:** Vetrhusstølen i Etne. Tanken om å legge dette stølsområdet innanfor eit landskapsvernombård vann ikkje tilslutning gjennom lokal høyring. Fylkesmannen forlet såleis tanken om vern her.





*Blomstølskardvatn i Etne. Vatnet ligg nært opp mot Folgefonna og er noko påverka av eksisterande vasskraftregulering, men ikkje meir enn at fylkesmannen fann det rett å la staden inngå i framlegget om Vetrhus/Botnane landskapsvernombordet ved lokal høyring. Området vert likevel ikkje omfatta av vern dersom fylkesmannens reviserte verneframlegg vert lagt til grunn. Foto: Jan Rabben.*

ligg innanfor det føreslegne Vetrhus/Bontane landskapsvernombordet. Dei ber fylkesmannen vurdere på nytt om det er rett å inkludere området mellom Midtbotnvatn og Blomsterskarsvatn i verneområdet, og fryktar vern vil gjere framtidig drift av anlegga vanskeleg.

SKL viser til at realisering av fleire aktuelle småkraftverk i Åkrafjorden vil gjere det naudsynt med ny overføringsline i området. Etter det ein ser no er andre alternativ enn ny 22 kV line i Rennedalen uakseptable kostnadsmessig. Vern kan då gjere eit totalt utbyggingspotensiale på i alt 60-70 GWh vanskelegare.

Naturvernforbundet i Etne, Naturvernforbundet i Hordaland, Bergen Turlag går mot kraftutbygging og stør oppretting av Vetrhus/Botnane LVO. Dei viser til at viktige naturverdiar kan gå tapt, og det er fare for at ein anleggsveg i området vil auke presset på ny hyttebygging i området.

Då fylkesmannen inkluderte Vetrhusstølen i høyringsframlegget, var det i særleg grad på grunn av dokumenterte verdiar knytta til kulturmiljø og kulturminne i dette området. Fylkesmannen såg for seg at det kunne vere ein styrke for desse interessepanelet å vere omfatta av eit landskapsvernombordet, dels ved at ekstra økonomiske verkemiddel kunne bli løyst ut for å halde delar av det tradisjonelle stølsmiljøet levande. Det synest å bli framtida at etablerte verneområdet vert prioriterte ved tildeling av økonomiske tilskot frå tradisjonelle kulturlandskapsmidlar. At denne tanken ikkje vann tilslutning gjennom høyringa må ein berre ta til etterretning. Verneverdiene i resten av det føreslegne landskapsvernombordet er langt på veg knytta til ei kvartærgеologisk vurdering av Skreddalen. Opplevingskvalitetane langs Blådalsvassdraget i Inste Botnane har sterkt samanheng med nærleiken til breen, men området her er også prega av inngrep frå kraftutbygginga i området.

Utfallet av høyringa gjer det vanskeleg å gå inn for å nytte naturvernlova til å medverke å sikre kulturmiljø og -landskap på Vetrhus. Ei samla vurdering av potensialet

for m.a. ny kraftutbygging og lineframføring gjennom området, tilseier at det mest rette kan vere å prioritere andre samfunnsinteresser i dette området. Arealbruken i fjellet mellom Inste Botnane og Vetrhus let seg også styre gjennom kommuneplan og særlovverk, med kommunen som hovudansvarleg. Fylkesmannen rår såleis til at Botnane/Vetrhus landskapsvernombordet utgår frå verneplanen for Folgefonna.

### Sandvikedalen/Mosnes

Lundal-sameiget, Valestrand Beiteforening A/S, Åkrafjorden Utmarkslag, Etne Skogearlag, Etne Bonde- og småbrukarlag er opptekne av potensialet for framtidig utnytting av naturressursane, og er ottefulle for at vern vil leggje hindringar i vegen for dette. Dei vil ha opningar for ulike tiltak på lang sikt, som utbetring av vegen til Mosdal og bygging av utleigehytter. Dei kan akseptere at vernegrensa går ved Lundal. Valestrand Beiteforening A/S er redd vernet vil føre til auka trafikk og hundar som uroar beitedyra. Etne kommune godtek vern av Sandvikedalen på vilkår av at det vert landskapsvernombordet i nedre delar frå Lundal/Hjortedal til Mosnes. Bebygde tun ved Mosnes og Ytre Mosnes må haldast utanom vernegrensa. Liv Jane Mosnes og Valestrand Beiteforening A/S viser til naustgrunn på Mosnes. Arthur Hansen protesterer mot vern av eigedomen.

Norwegian Water Company AS planlegg uttak av vatn frå Mosnes for produksjon av drikkevatn og viser til at vern ikkje må leggje hindringar i vegen for dette prosjektet.

Naturvernforbundet i Etne og Universitetet i Bergen - Institutt for geografi meiner det er viktig at nasjonalparken inkluderer eit heilt vassdrag fra fonna og ned til fjorden.

Fylkesmannen viser til opplevingskvalitetane og verneverdiene i Sandvikedalen som låg til grunn for at vassdraget vart verna mot kraftutbygging (Verneplan IV). Fylkesmannen meiner det må ha høg prioritet å få med nedslagfeltet til vassdraget innanfor nasjonalparken, og viser dessutan til at Mosnes er einaste staden på Folgefonnahalvøya der det har vore mogleg å trekke grensa for verneområdet heilt ned til fjorden. Fylkesmannen ønskjer å sikre heilskapen i området med vassdragsnatur, kulturlandskap og opplevingsverdi med strengaste verneform, og ser det som lite tenleg å opprette eit landskapsvernombordet i nedre del. Innanfor rammene av forskrifa og forvaltingsplanen vil det vere rom for tiltak for å legge til rette for friluftsliv, som til dømes utbetring av kjerrevegen/stien innover dalen. Regulert området, hus og nausttomter på Mosnes vert liggjande utanfor grensa og vert ikkje råka av vernet med den grensa som fylkesmannen tilrar i området.

Når det gjeld planane til Norwegian Water Company AS om produksjon av drikkevatn frå Sandvikevatn har fylkesmannen gitt fråsegn til NVE i spørsmålet om konsesjonshandsaming etter vassressurslova. Uttaket er planlagt å skje ved å bore ein minitunnel på 4300 m frå Fjæra direkte opp til Sandvikevatn. Sjølv uttaket vil

ha eit omfang av inntil 15 l/sek, noko som ifølgje søkjær svarer til 0,15 % av normalvassføring og inntil 3 % av minstevassføringa i vassdraget.

Fylkesmannen viser til at prosjektet ikkje fører til synlege inngrep i dalen. Uttaket gjeld svært små mengder vatn, og vil truleg ikkje vere merkbart i vassdraget. Fylkesmannen meiner prosjektet ikkje treng konsesjonshandsaming etter vassressurslova, men foreslår at verneforskrifta regulerer omfanget av tiltaket, sjå s **xx**.

### Fjæravassdraget

Etne kommune og Åkrafjorden Utmarkslag rår til at nedbørdfeltet til Fjæravassdraget nord for riksvegen utgår frå vern, og viser til kraftaktørane sin ressurskartlegging der potensialet for utnytting av vassdraget til kraftproduksjon er sett til 11-14 GWh (Stølselva småkraftverk). Eventuell kraftutbygging vil føre til at Bergstøvatnet og Keidalsvatnet vert regulert høvesvis 2 m og 6 m.

Fylkesmannen viser til at oppgangen frå E134 ved Bergstø til Folgefonna og tilliggjande fjellområde sør for breen truleg er den lettaste i heile området. Nedbørdfelta i dette områda ligg mellom dei verna vassdraga Mosnes og Oppo og drener sørover mot Åkrafjorden. Områda ved Bergstøvatnet og nordover har ein rikare flora enn verneområdet for øvrig på grunn av førekomst av kalkrike bergartar. I denne delen av verneområdet finn ein difor vegetasjonstypar som elles er dårleg representerte innanfor verneområdet. Fylkesmannen har elles ikkje mykje dokumentasjon av naturfagleg karakter frå området, bortsett frå naturreservatet i Langebudalen som huser ein høgtliggjande førekomst av barlind. I høyriingsforslaget er reservatet og nasjonalparken lagt inn til kvarandre.

Fylkesmannen ønskjer primært å ha med Fjæravassdraget innanfor verneområdet, då dette vil medverke til å sikre større breidde i naturtypar og landskap i nasjonalparken. Vi vil difor ikkje føreslå endring av grensa i dette området.

### 5.4. Odda kommune


#### Sandvedalen, Liaset, Buerdalen

Odda kommune og Folgefonna grunneigarsamskipnad /Odda og Røldal Bondelag, Hordaland Bondelag, meiner at grensa for verneområdet må flyttast nærmare breen slik at alle stølsområda kjem utanfor, jf. merknader om heimel til å verne privat areal. Desse uttalepartane vil og ta ut heile Buer landskapsvernområde og område som er aktuelle for kraftutbygging. Odda Bygdekvinnelag er i prinsippet imot å gjere Folgefonna med tilliggjande område til nasjonalpark, og viser til dei viktige beiteinteressene i utmarka.


Bruksretthavarar i Buerdalen ønskjer primært at garden Buer og området nord for Buerelva går ut av landskaps-



Parti frå Grøndalsstølen i Odda. Foto: Anniken Friis.



Smyttjørn, Sandvedalen i Odda. Foto: Anniken Friis.



Fylkesmannen har eit stykke på vegen valt å følgje kommunen sitt råd om å ta ut delar av Sandvedalen frå verneframlegget om nasjonalpark. Dei austre delane av framlegget som var til lokal høyring går ut, og som ein konsekvens vil korkje Grøndalsstølen eller Smyttjern (bileta over) bli omfatta av verneframlegget.

vernominrådet. Dersom dette likevel vert liggjande innanfor, ber dei om at forskrifa må ta høgde for naudsynte tiltak knytta til bygningar, gardstun og innmark, sjå s. xx. Dei er og opptekne av at vern ikkje vil hindre årleg reinsking av elveløpet i Buerdalen. Dette er påkravd for å hindre at elva riv med seg hus og dyrka mark under høg vassføring om sommaren. Dei viser elles til at landbruket i dag slit med å få økonomi i drifta, og at vern kan gje urimelege føringar som i sin tur fører til at gardane vert lagt ned og fråflytta.

Naturvern forbundet Hordaland viser til observasjonar av spettar og andre fuglearter i Sandvedalen og området Fossasete-Rotekotvatnet-Kvannndalsvatn. Også Bergen Turlag uttaler at desse områda er svært verneverdige og må takast med i verneplanen.

Odda kommune meiner som nemnt ovanfor at dei austlegaste delane av Sandvedalen bør utgå av vernet, men viser samstundes til at uttak av ved og tømmer i dette området då må gjerast etter godkjent plan og slik at ein



Buerdalen er ein viktig innfallsport til Folgefonna. Som einaste stad i verneframlegget som var ute til lokal høyring var det i Buerdalen det budde folk. Dei same folka bur her framleis, men med grensejusteringa som er eit resultat av lokal høyring vil busetjinga bli liggjande utanfor landskapsvernominrådet. Det same vil vegen inn Buerdalen bli, samt nærområda til denne. Det gir ei noko uvanleg avgrensing av eit verneområde, men det løysar unekteleg nokre praktiske problem for framtida.

Framlegget til Buer landskapsvernominråde er blitt noko større etter lokal høyring. Det skuldast dels at noko areal vert flytta fra nasjonalpark til landskapsvernominråde, men også at «korridoren» opp Støladalen til Blåvatn no inngår i landskapsvernominrådet. Som ein konsekvens vert Blåvatn liggjande som ei uverna «øy» inne i verneområdet.

best mogleg tek vare på grunnlaget for det biologiske mangfaldet i Sandvedalen.

Fylkesmannen viser til vernekvalitetane innanfor dei føreslegeren nasjonalpark og landskapsvernominråde i Odda. Vassdraga i området høyrer til Opovassdraget som er varig verna i Verneplan I. Dalføra og stølsområda i Odda har store kvalitetar knytta til landskap og opplevingsverdi, biologisk mangfald (dyre- og planteliv) og kvartærgeologi. Med den avgrensinga som er føresleger av sentrale uttalepartar i Odda vil berre høgfjellsområde og breområde ligge att innanfor verneområdet, og kvalitetane og variasjonsbreidda i naturtypane vert sterkt reduserte i austre del av verneområdet. Fylkesmannen kan difor vanskeleg følgje desse tilrådiniane fullt ut utan at sentrale verneverdiar fell utanfor verneplanen.

I vår vurdering har vi i staden teke utgangspunkt i saks-framlegget til kommunestyret, der rådmannen i Odda rådde til grensejustering på to punkt — platået ved Sandvedalen frå Lauvdalsstølen-Bordalsbrekkjen-Smyttjørn-Nipetjørn-Grønsdalstølen og stølsområda ved Fossasete-Liasete-Buervatn.

Sandvedalen og platået nedanfor var tidleg på 1990-talet aktuelt for vern gjennom verneplan for barskog. Konsekvensutgreininga for landbruksinteressene viser at områda kring Smyttjørn og Grønsdalstølen har økonomisk drivverdig skog, medan resten ligg slik til at skogen ikkje kan reknast som økonomisk drivverdig utan at det vert bygd nye skogvegar. Sjølv om det ikkje vart gjort framlegg om vern av dette området gjennom barskogsplanen er det liten tvil om at det totalt sett har store kvalitetar og gir godt høve for rik friluftsoppleving, ikkje minst på grunn av den gamle furuskogen, vassdrag og vatn, og rikt fugleliv. Området har etter vårt syn kvalitetar i slik grad at det var naturleg å gjere framlegg om vern av det i lokal høyring.

Odda kommune har rådd ifrå at desse areala inngår i nasjonalparken. Samanhøde med dette har fylkesmannen — rett nok etter tvil — ut ifrå ei samla vurdering av brukarinteresser knytta til skog og stølsområde tilrå at det nedre platået utgår frå nasjonalparken. Det er her vi finn den drivverdige skogen og den sterke historiske påverknaden. Det er også et poeng at dersom fylkesmannen hadde gått vidare med vern av dette området gjennom verneplan for barskog, ville det då vere vern som naturreservat som var aktuelt. Dette ville kunne ha utløyst noko økonomisk erstatning til grunneigarane.

Rådmannen si tilråding om grensejustering mellom nasjonalpark og landskapsvernominråde ved Buervatnet, Liasete og arealet mellom Kvirveli og Fossasete vil føre til at hytter, stølar og beiteområde i større grad vert liggjande i landskapsvernominrådet. Ut frå karakteren til dette området kan fylkesmannen vere samd i at området helst bør inngå i landskapsvernominrådet.

Det knyter seg spesielle problemstillingar til spørsmålet om vern av Buerdalen. Her ligg to gardsbruk i drift, samt kommunal veg og parkeringsplass inne i føreslegeren

landskapsvernombordet. I sommarmånadene er dalføret ein svært viktig turistattraksjon i Odda og utan tvil den mest kjende og lettast tilgjengelege innfallsporten til breen frå austsida. Mange utanlandske og norske turistar kører inn dalen for å ta seg fram til Buerbreen, ein tur på om lag 1,5 timer frå parkeringsplassen. Brefallet vert nytta av mange grupper til breturar, mellom anna i regi av Hardanger Breføring som har base i dalen. I tillegg til friluftsliv, landskap og opplevingsverdi har Buerdalen verneverdiar knytta til botanikk, fauna og kvartærgeologi. Den sørvende lia i dalen er dominert av varmekjær lauvskog, med alm, ask og hassel i tresjiktet. Denne vegetasjonstypen er det svært lite av i distriktet, og representerer stor kontrast til brefallet inst i dalen. I edellauvskogen finn vi spor etter bruk i tidlegare tider, ikkje minst ei rekke fine styringstre.

Fylkesmannen meiner det er viktig å ha ein langsiktig strategi for å sikre at kvalitetane i Buerdalen vert ivaretakne. Problemstillingane knytta til vidare utvikling av dalføret er diskutert med kommunen, grunneigarar og aktørar frå turistnæringa i eige møte etter høyringa. Det er stor semje om kvalitetane i området, og at den største utfordinga er å handtere biltrafikk, parkeringsproblem og toalettilhøve, ikkje minst i sommarmånadene. Oppstjarane på gardane inst i dalen er og opptekne av at vern ikkje skapar problem med vedlikehald og tiltak på gardane.

Det opphavlege verneforslaget ved Buer var eit resultat av ønsket om å få med heilskapen i landskapet frå Sandvinvatnet og opp til breen. Fylkesmannen meiner framleis at det er viktig å ha med mest mogleg av dalføret i verneområdet. Vi kan likevel sjå at naturvernlova er ein lite tenleg reiskap til å handtere saker som gjeld fast busetnad, veg og parkeringsproblematikk, og at denne delen av dalen kan forvaltast på ein meir smidig måte gjennom plan- og bygningslova og relevant særlovverk. Ut ifrå dette vil fylkesmannen gjere framlegg om at vegen, parkeringsplassen og områda rundt gardane i Buerdalen vert tekne ut av landskapsvernombordet. Grensedraginga må bli slik at verneområdet utgår med ein smal korridor langs vegen, tilstrekkeleg til å gje rom for eventuelle naudsynte utbetringar av veg og parkeringsareal. Kring gardane på Buer utgår eit areal med m.a. tun, bygningar, innmark og den delen av vassdraget der det vert utført jamleg oppreinsking av elva. Hovuddelen av det verna vassdraget og dalbotnen elles vert med i landskapsvernombordet.

### **Eitrheim/Tokheim**

Tyssefaldene AS viser til konsesjonssøknad for utbygging av Eitrheims- og Tokheimsvassdraga i Blåvatnet kraftverk. Prosjektet er plassert i kat. 1 i Samla Plan (konsesjonssøknad er for tida til handsaming). Produksjonspotensialet er på 97 GWh/år til ein kostnad av 2,17 kr/kWh. Dei ber om at nasjonalparken vert redusert slik at utbygginga kan gjennomførast som omsøkt. Ei slik grensendring vil etter kraftselskapet si meinung redusere nasjonalparken med 4-5 km<sup>2</sup>, og dei viser til at dette utgjer 0,8 % av den føreslegne verneplanen.

Jan Reidar Tokheim viser til at fallrettane i Tokheimsvassdraget truleg er ein av dei største verdiane på garden. Også Oddvin Tokheim, Ola-Petter Tokheim, Odda kommune, Hordaland fylkeskommune går inn for å endre grensa slik at vern ikkje hindrar utbygging av Eitrheim/Tokheim-vassdraga.

Naturvernforbundet Hordaland og Bergen Turlag peikar på vassdragsnaturen, friluftsinteressene, landskapskvalitetane, kulturminne og urørt natur i desse dalføra, og ber om at utbyggingsplanane vert avviste. Bergen Turlag og Haugesund Turistforening meiner at korridoren nord for Buer landskapsvernombordet bør bli med i verneområdet til tross for eksisterande inngrep.

Pål Tømmernes viser til friluftsinteressene og kvalitetane langs Eitrheimsvassdraget. Området er tyngre tilgjengelig enn Støladalen, men har stor opplevingsverdi. Det er viktig å ta vare på område som er urørt. Vidare viser han til nyrestaurert tursti i Tokheimsvassdraget og at opplevingsverdiane langs denne og i Støladalen vil bli reduserte med kraftutbygging.

Fylkesmannen viser til sin uttale i konsesjonssaka om at utbygging ikkje kan sameinast med vern, og at nasjo-



Blåvatnet har lenge vore regulert for å sikre prosessvatn til industrien i Odda. Vatnet har ein sentral posisjon i framlegget til kraftregulering av Eitrheim-/Tokheimvassdraga, som for tida er til konsesjonshandsaming. Foto: Anniken Friis.



Øvre Kvanngrovvatn i Eitrheimsvassdraget. Dersom utbygginga av Eitrheim/Tokheim vert realisert, vil dette vatnet bli nedtappa inntil 22 m og vassføringa i elva nedanfor vli bli vesentleg redusert. Foto: Anniken Friis.

nalparken og landskapsvernombordet må reduserast dersom AS Tyssefaldene skal få konsesjon til omsøkt utbygging. I brev av 1.9.2003 seier Fylkesmannen i Hordaland m.a.: «*Fylkesmannen mener videre at omsøkte utbygging ikke kan forenes med foreliggende verneforslag, som omfatter øvre deler av vassdragene. Resultatet av endelig behandling i Regjeringen av Folgefonna nasjonalpark bør være retningsgivende for utfallet av utbyggingsplanene for Blåvatn kraftverk.*

Ei kraftutbygging vil føre til sterkt redusert vassføring i elva langs turvegen i Tokheimsdalen. Vidare vil det føre til reduksjon i arealet av inngrepssfri natur dersom Kvanngrødvatna i Eitrheimselva vert regulerte som omsøkt.

Fylkesmannen prioriterer sterkt å ha med øvre del av Eitrheimsvassdraget innanfor nasjonalparken, ut ifrå kvalitetane som eit urørt vassdrag med viktige opplevingsverdiar. Tokheimsdalen med Støladalen har i dag ikkje same urørte preg, men har likevel stor verdi då dette er det viktigaste oppmarsjområdet til Folgefonna frå Odda. Dei tilhøyrande friluftsinteressene er store langs den nyleg opprusta ridestien frå Egne Hjem opp lia gjennom Støladalen og vidare til Holmaskjer turisthytte.

Fylkesmannen viser til høyringsutkastet der det var teke ut ein korridor i samband med Blåvatnet som allereie er regulert 22 m. Etter ny vurdering av inngrepa i området vil vi rå til at Buer landskapsvernombordet vert utvida til å omfatte Støladalen, men at Blåvatnet i staden utgår som ei «øy» i landskapsvernombordet, jf. kart.

## 5.5. Ullensvang herad

### Raundalen

Grunneigarar og bruksrettshavarar på Måge er positive til vern av Raundalen, då det gjer kraftutbygging i Kvinnovassdraget uaktuelt.

Dei ønskjer primært vern som landskapsvernombordet då dei fryktar at nasjonalparkstatus kan hindre aktiv bruk av området til landbruk, friluftsliv og rekreasjon. Vidare ønskjer dei opning for transport av pensjonistar, uttak av ved til hytter, løyve til å ta sand frå elvane i Løkjene til vøling av hytter, gjerdning og høve til å setje opp hytter/

buer for grunneigarar. Dei kan tenke seg å leggje til rette for friluftsliv, og utvikle fiske i Vetlavatnet/Luravatnet.

Universitetet i Bergen — Institutt for geografi viser til at Raundalen har nasjonal og regional verneverdi ut frå kvartærgeologi, og det er viktig å ha med området på austsida av breen og området som elles er urørt av kraftutbygging.

Ullensvang herad rår til at lokale interesser vert teke omsyn til ved utforming av forskriftene. Verneplanen må ikkje vere til hinder for utøving av tradisjonell næringsverksem og ålmenta sin tilgang. Heradet ventar seg også ei opning i verneforskrifta for lokal forvalting og set samstundes fram krav om at eit rådgjevande utval vert oppretta.

Fylkesmannen ser på Raundalen som eitt av dei aller mest særmerkte naturområda innanfor verneframleggget, og kan vanskeleg sjå for seg ei anna verneform enn nasjonalpark her. At grunneigarane støttar vernetanken er sær positivt, men med unnatak av vedhogst er det vanskeleg å kome alle dei konkretiserte punkta i møte. Vøling av eksisterande bygningar vil ikkje vere eit problem sjølv om området vert nasjonalpark, men sanduttak frå eit så særmerkt kvartærgeologisk området som Løkjene kan ikkje bli aktuelt. Men området vil kunne nyttast som før til tradisjonell landbruksdrift og friluftsliv.



Parti Frå Løkene i Raundalen, Ullensvang. Etter mange si meinig er dette eit av dei aller vakraste områda ved Folgefonna, med Dettebreen like i nærleiken. Foto: Anniken Friis.

## 6. KONKLUSJON — FYLKESMANNEN SITT REVIDERTE VERNEFRAMLEGG ETTER LOKAL HØYRING



Rosendal (t.v.) og Guddalsdalen, med Malmangernuten sentralt i biletet og Melderskin mot venstre. Rosendal vil venteleg bli ein sentral stad for forvaltinga av Folgefonna nasjonalpark når eit endeleg vernevedtak måtte ligge føre. Foto: Jan Rabben.

### 6.1. Revidert verneframlegg

Det kom fram mange gode og konstruktive synspunkt gjennom den lokale høyringa. Ikkje alle meiningar let seg sameine i ei kompleks sak som utgreiing av eit verneframlegg til nasjonalpark er, og heller ikkje kan fylkesmannen stille seg bak alle synpunktene. I eit slikt høve er det fylkesmannen si oppgåve å fremje ein verneplan, på ein slik måte at dei viktige verneverdiane får høg nok prioritet til å bli sikra for ettertida, men skal samstundes sjå til at dette ikkje påfører andre samfunnsinteresser urimeleg store ulempar.

Grunnlaget for å vege dei ulike interessene opp mot kvarandre og finne fram til ein høveleg balanse mellom vern og bruk innan det aktuelle planområdet, har aldri vore betre enn etter den lokale høyringsrunden. Dermed har det i nokre delområde funne stad til dels vesentlege endringar i det verneframlegget som fylkesmannen no legg fram samanlikna til det utkastet som var til lokal høyring. Fylkesmannen meiner å ha utført eit grundig arbeid, basert på lokal kunnskap og medverknad, fagkompetanse og ein god porsjon skjøn innanfor rammene av dei sentrale føringar som gjeld når ein nasjonalpark skal utgreiast. Det har ikkje alltid vore lett, og på nokre få punkt har vi vore i noko tvil, som det vil gå fram av grunngjevinga som er gjeve lenger framme i rapporten.

Fylkesmannen sitt framlegg til sentrale miljøvernstyresmakter er som følgjer:

★ **Folgefonna nasjonalpark:** Vi rår til at det vert oppretta ein 547,6 km<sup>2</sup> stor nasjonalpark på Folgefonna, som femner om det aller meste av sjølve isbreen og dei sterkt glasialt prega fjellområda nært opp mot denne, og i nokre tilfelle nedover i dei mest urørte dalføra for å sikre heilskapen i naturmiljøet, herunder sterkt brepåverka vassdrag. På det meste er nasjonalparken om lag 47 km i utstrekning, på det smalaste (ved Blådalsvatnet) berre 3,85 km. Av det samla nasjonalparkarealet er 44,1% statsgrunn (Folgefonna statsallmenning).

I tilgrensande område gjer dessutan fylkesmannen framlegg om å opprette 4 landskapsvernområde:

★ **Bondhusdalen landskapsvernområde** i Kvinnherad. Området er 14,4 km<sup>2</sup> stort og femner mellom anna om Bondhusvatnet, eit viktig område for turistar som ønskjer å sjå breen utan altfor krevjande tilkomst.

★ **Ænesdalen landskapsvernområde** i Kvinnherad. Området er 3,4 km<sup>2</sup> stort og har viktige kvalitetar knytta til meanderande elv, landskapsrom og skogmiljø.

## Verneplanen i tal (km<sup>2</sup>)

Samanlikna med verneframlegget som fylkesmannen sende til lokal høyring i august 2003 femner dagens framlegg om 58,5 km<sup>2</sup> mindre areal, samla sett. Dette fordeler seg slik på dei ulike verneområda:

|   | FMs framlegg 2004<br>(etter lokal høyring) | FMs framlegg 2003<br>(lokal høyring) | Differanse   | %             |
|---|--|--------------------------------------|--------------|---------------|
| Folgefonna nasjonalpark                   | 547,6                                      | 573,4                                | ÷25,8        | ÷ 4,5 %       |
| Bondhusdalen landskapsvernombord          | 14,4                                       | 11,2                                 | 3,2          | 28,6 %        |
| Ænesdalen landskapsvernombord             | 3,4  | 4,6                                  | ÷1,2         | ÷26,1 %       |
| Hatteberg landskapsvernombord             | 15,4                                       | 18,0                                 | ÷2,6         | ÷14,4 %       |
| Buer landskapsvernombord                  | 21,3                                       | 16,7                                 | 4,6          | 27,5 %        |
| Vetrhus/Botnane landskapsvernombord       | 0  | 36,7                                 | ÷36,7        | ÷100,0 %      |
| <b>Samla nasjonalpark + landskapsvern</b> | <b>602,1</b>                               | <b>660,6</b>                         | <b>÷58,5</b> | <b>÷8,9 %</b> |

★ **Hatteberg landskapsvernombord** i Kvinnherad. Området er 15,4 km<sup>2</sup> stort og femner om Muradalen, namngjetne fjell og attraktiv vassdragsnatur, og grenser samstundes mot eit unikt kulturmiljø ved Baroniet i Rosendal.

★ **Buer landskapsvernombord** i Odda. Eit 21,3 km<sup>2</sup> stort område som mellom anna er ein viktig tilkomst til Buerbreen.

Det 36,7 km<sup>2</sup> store Vetrhus/Botnane landskapsvernombord, som var omfatta av fylkesmannens framlegg til lokal høyring, går ut av det samla verneframlegget som eit resultat av synspunkta som kom inn under den lokale høyringsrunden.

Samla sett femner Folgefonna nasjonalpark med tilhørende landskapsvernombord om eit areal på 602,1 km<sup>2</sup>, fordelt på areal i kommunane Kvinnherad, Etne, Odda, Ullensvang og Jondal.

### Folgefonna statsallmenning

Det aller meste av statsallmenningen på Folgefonna er omfatta av Folgefonna nasjonalpark etter fylksemannen sitt framlegg. Slik fordeler dette arealet seg på dei ulike kommunane:

|              | Totalt<br>(km <sup>2</sup> ) | Innan nasjonalpark<br>(km <sup>2</sup> ) |
|--------------|------------------------------|--|
| Kvinnherad   | 124,3                        | 121,5                                    |
| Etne         | 44,5                         | 44,5                                     |
| Odda         | 63,3                         | 63,3                                     |
| Ullensvang   | 11,5                         | 11,0                                     |
| Jondal       | 3,8                          | 1,2                                      |
| <b>Samla</b> | <b>247,4</b>                 | <b>241,5</b>                             |

Dette gjer at 44,1% av det framlagde arealet for nasjonalpark er statsallmenning. Dei resterande 55,9% er såleis privat grunn.


## 6.2. Konsekvensutgreiing

Fylkesmannen viser til sine merknader om konsekvensutgreiinga og rår til at sentrale miljøvernstyresmakter godkjenner utgreiinga.

### Folgefonna nasjonalpark fordelt pr. areal på kommunane

|              | Areal (km <sup>2</sup> ) | Prosent |
|--------------|--------------------------|---------|
| Kvinnherad   | 281,89                   | 51,5    |
| Odda         | 129,60                   | 23,7    |
| Etne         | 112,46                   | 20,5    |
| Ullensvang   | 22,47                    | 4,1     |
| Jondal       | 1,18                     | 0,2     |
| <b>Samla</b> | <b>547,6</b>             |         |

(arealet i landskapsvernombord kjem i tillegg)



## **VEDLEGG I. Kart over framlegg til nasjonalpark med tilhøyrande landskapsvernområde**



## Vern av Folgefonna nasjonalpark i Etne, Kvinnherad, Jondal, Ullensvang og Odda kommunar i Hordaland fylke

Foto: Anniken Friis



### Folgefonna nasjonalpark

utgjer etter verneframlegget eit areal på om lag 547 km<sup>2</sup> fordelt på 5 ulike kommunar. (Vernereglane her gjeld berre nasjonalpark-arealet på kartet til høgre. Kvart einskild landskapsvernområde har eigne reglar).

### § 2 FØREMÅL

Føremålet med opprettinga av nasjonalparken er å:

- ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggende område med fjell og bre,
- ta vare på verdfull vassdragsnatur,
- sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, arter og bestandar,
- sikre viktige geologiske førekommstar,
- sikre verdfulle kulturminne og kulturmiljø.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilretteleggjring.

### § 3 VERNEREGLAR

#### 1. Landskapet

##### 1.1 Vern mot inngrep i landskapet.

Området er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar, andre varige eller mellombelse innretningar, gjerde og anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving, utfylling og påfylling av masse, sprenging og boring, uttak og fjerning av stein, mineral eller fossilar, drenering og anna form for tørreliggjring, nydyrkning, bakkeplanering, nyplanting, framføring av luft- og jordleidninger, bygging av bruer og klopper, merking av stiar og løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmande.

##### 1.2 Reglane i pkt. 1.1

er ikkje til hinder for:

- (a) Vedlikehald av bygningar, eksisterande vegar og andre innretningar, luftleidningar og andre innretningar som er naudsynt for drift av turlagshytter, stølar m.m. Vedlikehald av bygningar omfattar ikkje ombyggjing eller utviding av bygningar. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal byggjeskikk.
- (b) Drift, vedlikehald og rehabilitering av kraftanlegg innanfor rammene av gjeldande konserasjon.
- (c) Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper med bruer, klopper, vardar, merking, skilt i samsvar med forvaltningsplan.

##### 1.3 Forvaltingsstyrestrukta kan gje løyve til:

- (a) Ombyggjing og utviding av bygningar. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk og tilpassast landskapet i området.
- (b) Ny oppføring av bygningar som går tapt ved brann eller anna naturskade.
- (c) Oppføring av naudsynte bygningar og anlegg i samband med oppsyn, jordbruk, skogbruk og husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus.

Fastsett ved kgl. res av ..... 2004  
i medhald av lov om naturvern av 19. juni  
1970 nr 63 § 3, jfr § 4 og §§ 21, 22 og 23.  
Fremja av Miljøverndepartementet.

### § 1 AVGRENsing

Nasjonalparken vedkjem følgjande statsallmenningar:

Etne kommune: 151/1  
Kvinnherad kommune: 285/1  
Jondal kommune: 38/1  
Odda kommune: 51/5  
Ullensvang herad: 156/1

Forutan statsallmenningar vedkjem nasjonalparken følgjande gnr/bnr:

**Etne kommune:** 93/1, 95/1, 95/2/1, 95/2/3, 95/4, 95/3, 95/10, 96/1/2, 97/1/2/4, 97/3, 98/8, 98/1, 99/3, 98/2/5, 99/1, 98/4, 98/5/6, 99/1, 98/7, 100/1/3, 101/1, 101/2, 101/5, 101/6, 101/7, 101/8, 102/1, 102/2, 102/3, 103/1, 103/2, 103/3, 104/2, 104/3, 103/1, 101/33, 104/2, 104/1

**Kvinnherad kommune:** 54/1, 54/2, 54/3, 54/4, 54/6, 55/1, 55/2, 55/3, 55/4, 55/5, 55/6, 56/1, 57/1, 57/2, 57/3, 57/4, 57/5, 58/1, 58/2, 59/1, 59/2, 59/4, 59/6, 59/10, 59/11, 59/12, 60/1, 60/2/7, 60/3, 60/4/5, 60/6, 61/1, 62/1, 62/2, 63/1/6, 63/2, 64/1, 64/2, 64/3, 64/4, 64/5, 64/6, 64/7, 64/8, 64/9, 64/10, 64/11, 64/12, 64/13, 64/16, 85/18, 87/1, 90/13/14/15, 64/47, 64/14, 64/59, 66/1, 66/3, 67/1, 68/1, 69/1, 70/1, 70/2, 71/1/9, 71/2, 71/5, 89/6, 72/1, 72/2, 73/1, 73/2, 74/1, 75/1, 75/2, 75/3, 75/4, 76/1, 76/2, 77/1, 77/2, 78/1, 78/1, 80/2, 78/1, 78/1, 78/2, 78/3, 82/1, 82/2, 82/3, 82/4, 82/5, 82/7, 82/8, 82/10, 82/11, 82/12, 82/14, 82/15, 82/16, 82/17, 82/19, 82/32, 82/52, 82/60, 82/178, 82/192, 84/1, 84/2, 84/3, 85/1, 85/2, 85/7, 85/3/20, 85/4, 85/5/6, 85/8, 85/9, 85/10, 85/11, 85/12/21/30, 85/13, 85/14, 85/15, 85/16, 85/17, 85/19, 85/20, 85/28, 86/1, 86/2, 86/3, 86/4, 86/5, 87/2, 87/3, 87/4, 87/7, 87/11, 87/12, 87/13, 87/14, 87/15, 87/26, 89/1, 89/2, 89/3, 89/4, 89/16, 89/17, 89/18, 89/41, 90/1, 90/2, 90/3, 90/4, 90/5, 90/7, 90/8, 90/9, 90/12, 90/

51, 91/1, 91/2, 91/3, 91/4, 91/5, 91/10, 91/12, 92/1, 92/2, 92/3, 92/4, 92/5, 92/6, 93/1, 93/2, 93/9/16, 93/3, 93/4, 93/5, 94/2, 93/6, 93/7, 93/8, 93/13, 93/14, 94/1, 94/3, 94/4, 94/5, 8, 94/6, 94/7, 94/9, 95/1, 95/2, 95/3, 95/4, 95/7, 96/1, 96/2, 98/1, 98/2, 98/3, 98/4, 99/1, 100/1, 100/2, 100/3, 100/4, 100/5, 100/7, 100/9, 100/10, 100/11, 100/13, 100/14, 100/19, 101/1, 102/1, 102/2, 103/1, 103/2, 103/3, 105/1, 105/2, 105/3, 106/1, 107/1, 108/1, 108/2, 108/3, 109/1, 109/3, 110/1, 110/2, 111/1, 111/2, 111/3, 112/1, 112/2, 112/3, 112/7, 112/13, 112/14, 112/15, 112/16, 112/17, 112/18, 112/21, 115/2, 115/3, 104/2, 251/1, 251/2, 285/1

**Odda kommune:** 35/1, 36/14, 35/3, 35/4, 36/2, 36/1, 37/1, 37/2, 37/3, 37/3, 37/4, 37/5, 37/6, 37/7, 37/8, 45/1, 46/1, 47/1/2, 48/3, 48/4/5/8, 49/1, 49/2, 49/3, 49/4, 49/5, 49/6, 50/1, 50/2, 50/3, 50/5, 50/11, 50/12, 51/14, 52/4, 51/2, 51/3, 51/5, 52/1, 52/2/3, 52/5, 52/6, 52/7, 52/8, 53/2, 53/2, 53/2, 53/1, 53/2, 60/2, 60/6, 60/101, 61/11, 62/1, 63/1, 63/2, 64/41, 63/3, 63/4, 63/5, 64/2/294, 64/3/294, 64/5/294, 64/60, 65/1/2, 66/1, 66/2, 66/3, 66/4, 67/1, 68/1, 68/2/3, 69/1, 69/2, 70/1, 70/2

**Ullensvang herad:** 47/1, 47/2, 47/3, 47/4, 47/5, 47/6, 47/8, 48/1, 49/1, 50/1, 50/2, 50/3, 50/4, 51/1, 51/3, 51/4, 51/7, 52/1, 52/2, 52/3, 52/4, 53/1, 53/2, 53/3, 53/4, 53/5, 54/1, 54/2, 54/3, 54/4, 54/5, 54/6, 54/7, 54/8, 54/9, 56/1, 56/2, 3

Det samla arealet er om lag 547 km<sup>2</sup>.

Grensene for nasjonalparken er synt på vedlagde kart i målestokk 1:.... datert Miljøverndepartementet....

Dei nøyaktige grensene for nasjonalparken skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Kartet og verneforskriftene finst i kommunane, hjå Fylkesmannen i Hordaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

- (d) Byggjing av bruer og klopper.
- (e) Merking og rydding av nye stiar og løyper, og oppsetjing av skilt og vegviser i samsvar med forvaltingsplan.
- (f) Oppsetjing av gjerde i samband med beite eller tiltak for å hindre skorfeste.
- (g) Oppattbygging og restaurering av stølshus o.l. for å sikre viktige kulturminne og naturmiljø.
- (h) Uttak av vatn til drikkevatnproduksjon frå Sandvikevatnet dersom vassmengda ikkje overstig 15 l/sek og inngrepene ikkje er synleg innanfor nasjonalparken.

## 2. Plantelivet

### 2.1 Vern av vegetasjon

Vegetasjonen, også daude tre og buskar, er verna mot all slags skade og øydeleggjring som ikkje kjem av vanleg ferdslø og tradisjonell beiting i utmark. Det er forbode å innføre nye planteartar. Såing, treslagskifte og planting er ikkje tillate.

### 2.2 Reglane i pkt 2.1.

#### er ikkje til hinder for:

- (a) Bruk av området til beite.
- (b) Skånsom bruk av trevirke til bålbrunning.
- (c) Plukking av bær og matsopp.
- (d) Plukking av vanlege planter og friske kvistar til eigen bruk.
- (e) Hogst av ved til eigen bruk i nasjonalparken.

2.3. Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift regulere beite som kan skade eller øydeleggje naturmiljøet.

## 3. Dyrelivet

### 3.1 Vern av dyrelivet

Dyrelivet, inkludert hi, reir, hekke-, yngle- og gyteplassar er freda mot skade og unødig uroing. Utsetjing av dyr på land og i vatn er forbode. Kalking i vassdrag er ikkje lov utan særskilt løyve.

### 3.2 Reglane i pkt 3.1 er ikkje til hinder for:

- (a) Jakt og fangst etter lov om viltet sine reglar.
- (b) Fiske etter lov om laksefisk og innlandsfisk sine reglar

### 3.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (a) Kalking av vatn og elvar for å hindre at ein art dør ut. Forvaltingsplanen kan fastsetje referanseområde der kalking er forbode.
- (b) Tiltak for å fremje fiske, når slike tiltak elles ikkje strir mot føremålet med vernet.

## 4. Kulturminne

- 4.1 Kulturminne skal sikrast mot skade og øydeleggjring. Lause kulturminne skal ikkje flyttast eller fjernast.
- 4.2 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til restaurering og skjøtsel av kulturminne.

## 5. Ferdsel

### 5.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur eller kulturminne.

### 5.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskriftena er ikkje til hinder for tradisjonell turverksem til fots. Annan organisert ferdsel og andre former for ferdsel som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve frå forvaltingsstyresmakta.

### 5.3 Sykling og bruk av hest

Organisert bruk av sykkel og hest er berre tillate langs trasear som er godkjende for slik bruk i forvaltingsplanen.

### 5.4 Regulering av ferdsel

Innanfor nærmere avgrensa delar av nasjonalparken kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby all ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

### 5.5 Omlegging av stiar

Av omsyn til naturmiljøet og kulturminne kan forvaltingsstyresmakta legge om eller kreve fjerna merking av stiar og løyper.

### 5.6 Generelle unnatak for ferdsel

Reglane i punkt 5 gjeld ikkje naudsynt ferdsel i samband med militær operativ verksem, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltingsoppgåver.

## 6. Motorferdsel

### 6.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på land og vatn, og i lufta under 300 meter.

### 6.2 Reglane i pkt 6.1 er ikkje til hinder for:

- (a) Naudsynt motorferdsel i samband med militær operativ verksem, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltingsoppgåver.
- (b) Drift, vedlikehald og rehabilitering av kraftanlegg.
- (c) Naudsynt motorisert ferdsel i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrhald samt for uttak av bytte etter storviltjakt.

## 6.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (a) Øvingskjøring til føremål nemnt i pkt. 6.2 a.
- (b) Motorferdsel i samband med husdyrhald og vedhogst.
- (c) Motorferdsel for transport av material til hytter, klopper m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer
- (d) Motorferdsel i samband med vit-skaple granskinger.
- (e) Motorferdsel i samband med kvisting og preparering av turløype.
- (f) Annan motorisert motorferdsel som ikkje er i strid med verneføremålet.

## 7. Ureining

7.1 Ureining og forsøpling er forbode. All bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet er forbode.

7.2 Bruk av motor på modellfly, mo-dellbåt o.l. er forbode.

## § 4 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltingsstyresmakta kan gjøre unnatak frå reglane når føremålet med vernet krev det, for vit-skaple granskinger, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege høve når dette ikkje er i strid med verneføremålet.

## § 5 FORVALTINGSPLAN

Det skal utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningslinjer for forvalting, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving. Forvaltingsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

Forvaltingsstyresmakta kan setje i verk tiltak for fremje føremålet med vernet.

## § 6 FORVALTINGSMYNDE

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltingsstyresmakt for verneforskrifta.

## § 7 RÅDGJEVANDE UTVAL

Forvaltingstyresmakta kan opprette eit rådgjevande utval for forvalting av nasjonalparken.

## § 8 IVERKSETJING

Denne forskriften trer i kraft straks.

## Vern av Hatteberg landskapsvernombord i Kvinnherad kommune i Hordaland fylke

Foto: Anniken Frilis



### Hatteberg landskapsvernombord

er 15,4 km<sup>2</sup> stort og såleis det nest største landskapsvernombordet i fylkesmannen sitt verneframlegg. Viktige landskapstrekk her er fjelltoppane Melderskin og Malmangeruten, forutan vassdraget. Hattebergvassdraget er regulert til kraftføremål frå tidlegare tid — dette er grunnen til landskapsvernombordet går langt inn i fjellet og femmer om reguleringsmagasina Prestavatn og Svartavatn.

Nærleiken til Baroniet i Rosendal gjer dette området unikt i nasjonal målestokk i landskaps- og kulturmiljøsamanhang.



Fastsett ved kgl. res av ..... i medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63, § 5 og § 6, jamfør §§ 21, 22, og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

### § 2 FØREMÅL

Føremålet med opprettinga av Hatteberg landskapsvernombord er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen fra dalføret opp mot høgfjellet
- sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfold
- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap, kulturminne og kulturmiljø.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

### § 1 AVGRENsing

Landskapsvernombordet vedkjem følgjande grnr/bnr:

**Kvinnherad kommune:** 87/1, 87/2, 87/3, 87/4, 87/11, 87/12, 87/13, 87/14, 87/15, 87/26.

Det samla arealet er på om lag 15,4 km<sup>2</sup>. Grensene for landskapsvernombordet er vist på kart i målestokk 1:....000, datert Miljøverndepartementet ..... Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal merkast av i terrenget og knekkpunktene skal koordinatfestast.

Kartet og verneforskrifta finst i Kvinnherad kommune, hjå Fylkesmannen i Hordaland,

### § 3 VERNEREGLAR

#### 1 Landskapet

##### 1.1 Inngrep i landskapet

Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntak som følgjer av forskrifa punkt 1.2 og 1.3 er det generelt forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring av bygningar eller anlegg, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, boring og sprenging, uttak og fjerning av stein, mineral eller fossil, drenering og anna form for tørrlegging, nydryking, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i lufta og i jorda, byggjing av bruer og klopper, oppsetjing av skilt, merking av stiar og turløyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

##### 1.2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

- (a) Vedlikehald av bygningar og tekniske innretningar o.l. Alt vedlikehaldsarbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk. Arbeidet skal ikkje føre til endra utsjånad eller storlek på bygningar. Andre anlegg kan vedlikehaldast slik at dagens standard vert oppretthalde.
- (b) Drift, vedlikehald og rehabilitering av kraftanlegg innanfor rammene av gjeldande konseksjon.
- (c) Vedlikehald av vegar i samsvar med forvaltingsplan, herunder mindre uttak av grus i eksisterande grustak der dette er naudsynt for slikt vedlikehald.
- (d) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samsvar med forvaltingsplan.
- (e) Anlegg for sanking av beitedyr og naudsynt gjerdehald for beitedyr i samsvar med forvaltingsplan. Grunneigar kan setje opp feste for slikkesteinar o.l. til beitedyr.
- (f) Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite.

#### 1.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (a) Ombyggjing og utviding av eksisterande bygningar.
- (b) Ny oppføring av bygningar som er skada ved brann eller naturskade.
- (c) Riving av bygningar som pregar landskapet sin art og karakter.
- (d) Oppføring av nye bygningar som er naudsynte i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggeskikk.
- (e) Rydding av nytt innmarksbeite.

- (f) Byggjing av bruer og klopper som er naudsynt i samband med beitebruk og friluftsliv.
- (g) Merking og opparbeiding av turstiar.
- (h) Tiltak for å hindre skorfeste.
- (i) Bygging av enkle driftsvegar til mellombels bruk for uttak av kulturskog i samsvar med forvaltingsplan.

## 2. Plantelivet

### 2.1 Vern av vegetasjon

Plantelivet skal vernast mot skade og øydeleggjring. Det er forbode å innføre nye planteartar.

### 2.2 Beite

Beite er tillate.

### 2.3 Hogst

Reglane i punkt 2.1 er ikkje til hinder for:

- (a) Hogst av ved til eigen bruk.
- (b) Avverking av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne tre slag og naudsynte skogkulturtiltak i samsvar med forvaltingsplan.
- (c) Hogst i samsvar med plan godkjent av forvaltingsstyresmakta.

## 3. Dyrelivet

### 3.1 Vern av dyrelivet

Det er ikkje tillate å føre inn nye dyreartar i landskapsvernområdet.

### 3.2 Jakt og fiske

Jakt og fangst er tillate etter lov om viltet sine reglar.  
Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskelova sine reglar.

## 4. Ferdsel

### 4.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel skal skje med varsemd og slik at det ikkje skjer skade på naturmiljø eller kulturminne.

### 4.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskriften er ikkje til hinder for tradisjonell turverksem til fots. Anna organisert ferdsel og ferdsel som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve fra forvaltingsstyresmakta.

### 4.3 Regulering av ferdsel

Innanfor landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

### 4.4 Generelle unnatak for ferdsel

Reglane i punkt 4 gjeld ikkje naudsynt ferdsel i samband med militær, operativ verksam, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltingsopp gáver.

## 5. Motorferdsel

### 5.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på vatn og i lufta under 300 meter, samt på land utanom vegane.

### 5.2 Reglane i pkt 5.1 gjeld ikkje:

- (a) Motorferdsel ved militær operativ verksam, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltingsopp gáver.
- (b) Motorferdsel i samband med drift av landbruksareal.
- (c) Motorferdsel i samband med vedhogst, jf. punkt 2.3.
- (d) Motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av tekniske anlegg knytt til kraftanlegg, vassforsyning o.l.
- (e) Naudsynt motorferdsel i samband med storviltjakt.

### 5.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (a) Motorisert transport i samband med transport av saltstein o.l. for husdyr på beite.
- (b) Nødvendig motorisert transport av materiale, utstyr og proviant til stølshus, hytter, o.l.
- (c) Motorferdsel i samband med vitskaplege granskningar.

### 5.4 Regulering av motorferdsel

Forvaltingsstyresmakta kan forby eller regulere motorferdsel på vegane i landskapsvernområdet i samsvar med forvaltingsplan, dersom dette er naudsynt for å sikre verneføremålet.

## § 6 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unnatak frå reglane når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege granskningar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje er i strid med verneføremålet.

## § 7 FORVALTINGSPLAN

Forvaltingsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremje føremålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltingsplan med nærmare retningsliner for forvalting, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.m. Forvaltingsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

## § 8 FORVALTINGSMYNDE

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltingsstyremakt for verneforskrifta.

## § 9 RÅDGJEVANDE UTVAL

Forvaltingstyresmakta kan opprette eit rådgjevande utval for forvalting av landskapsvernområdet.

## § 10 IVERKSETJING

Denne forskriften trer i kraft straks.




Parti frå elvesletta i Muradalen.

Foto: Stein Burkjærland

## Vern av Ænesdalen landskapsvernombord i Kvinnherad kommune i Hordaland fylke

Foto: Ingvar Grastveit



### Ænesdalen

#### landskapsvernombord

er 3,4 km<sup>2</sup> og dekkjer dei nedre delane av Ænesdalen. Det største særpreget i dalføret er elva, som er ei av dei siste som finst att i Hordaland som er naturleg meanderande. Dette var i høg grad eit viktig moment då Æneselva vart varig verna mot kraftutbygging i 1993. Æneselva er også ei viktig sjøaureelv.

Elles er skogen eit dominerande landskapselement i dalføret, og mykje av skogen er etter måten lett å drive. Såleis står her noko kulturskog både av gran og furu, og det er mange spor etter hogst dei siste tiåra. I forvaltingsplanen vert det såleis viktig å trekke opp rammene for korleis skogen kan drivast dersom området vert verna.



Fastsett ved kgl. res av .....i medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63, § 5 og § 6, jamfør §§ 21, 22, og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

Kartet og verneforskrifta finst i Kvinnherad kommune, hjå Fylkesmannen i Hordaland, Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet

### § 1 AVGRENING

Landskapsvernombordet vedkjem følgjande gnr/bnr:

**Kvinnherad kommune:** 64/1, 64/2, 64/3, 64/4, 64/5, 64/6, 64/7, 64/8, 64/9, 64/10, 64/11, 64/12, 64/13, 64/14, 64/16, 64/47.

Det samla arealet er på om lag 3,4 km<sup>2</sup>. Grensene for landskapsvernombordet er vist på kart i målestokk 1:....000, datert Miljøverndepartementet ..... Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal merkast av i terrenget og knekkpunkta skal koordinatfestast.

### § 2 FØREMÅL

Føremålet med opprettinga av Ænesdalen landskapsvernombord er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen fra dalføret opp mot høgfjellet
- sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfold
- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap, kulturminne og kulturmiljø.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilretteleggjring.

### § 3 VERNEREGLAR

#### 1 Landskapet

##### 1.1 Inngrep i landskapet

Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntak som følgjer av forskrifa punkt 1.2 og 1.3 er det generelt forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring av bygningar eller anlegg, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, boring og sprenging, uttak og fjerning av stein, mineral eller fossil, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrkning, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i lufta og i jorda, bygging av bruer og klopper, oppsetjing av skilt, merking av stiar og turløyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

##### 1.2. Reglane i punkt 1.1. er ikkje til hinder for:

- (a) Vedlikehald av bygningar og tekniske innretningar knytt til kraftutbygging o.l. Alt vedlikehaldsarbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggjeskikk. Arbeidet skal ikkje føre til endra utsjånad eller storleik på bygningar. Andre anlegg kan vedlikehaldast slik at dagens standard oppretthaldast.
- (b) Vedlikehald av vegar i landskapsvernombordet.
- (c) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samsvar med forvaltingsplan
- (d) Anlegg for sinking av beitedyr og naudsynt gjerdehald for beitedyr i samsvar med forvaltingsplan. Grunneigar kan setje opp feste for slikkestinar o.l. til beitedyr.
- (e) Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite

##### 1.3 Forvaltingsstyrestrukta kan gje løye til:

- (a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.
- (b) Ny oppføring av bygningar som er skada ved brann eller naturskade.
- (c) Riving av bygningar som pregar landskapet sin art og karakter.
- (d) Oppføring av nye bygningar som er naudsynte i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggeskikk.
- (e) Rydding av nytt innmarksbeite.
- (f) Bygging av bruer og klopper som er naudsynte i samband med beitebruk og friluftsliv.

- (g) Merking og opparbeiding av turstiar.
- (h) Tiltak for å hindre skorfeste
- (i) Bygging av enkle driftsvegar til melombels bruk for uttak av kulturskog i samsvar med forvaltingsplan.

## 2. Plantelivet

### 2.1 Vern av vegetasjon

Plantelivet skal vernast mot skade og øydeleggjøring. Det er forbode å innføre nye plantearter.

### 2.2 Beite

Beite er tillate.

### 2.3 Hogst.

Reglane i punkt 2.1. er ikkje til hinder for:

- (a) Hogst av ved til eigen bruk.
- (b) Avverking av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne treslag og naudsynt skogkulturtiltak i samsvar med forvaltingsplan.
- (c) Hogst i samsvar med plan godkjent av forvaltingsstyresmakta.

## 3. Dyrelivet

### 3.1 Vern av dyrelivet

Det er ikkje tillate å føre inn nye dyrearter i landskapsvernområdet.

### 3.2 Jakt og fiske

Jakt og fangst er tillate etter lov om viltet sine reglar.  
Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskelova sine reglar.

## 4. Ferdsel

### 4.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel skal skje med varsemd og slik at det ikkje skjer skade på naturmiljø eller kulturminne.

### 4.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskriften er ikkje til hinder for tradisjonell turverksemeld til fotos.

Anna organisert ferdsel og ferdsel som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løye frå forvaltingsstyresmakta.

### 4.3 Regulering av ferdsel

Innanfor landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

### 4.4 Generelle unnatak for ferdsel

Reglane i punkt 4 gjeld ikkje naudsynt ferdsel i samband med militær, operativ verksamhet, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltingsoppgåver.

utarbeidast ein forvaltingsplan med nærmere retningslinjer for forvalting, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.m. Forvaltingsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

## § 6 FORVALTINGSMYNDE

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltingsstyresmakta for verneforskrifta.

## § 7 RÅDGJEVANDE UTVAL

Forvaltingsstyresmakta kan opprette eit rådgjevande utval for forvalting av nasjonalparken.

## § 8 IVERKSETJING

Denne forskriften trer i kraft straks.

Foto: Ingvar Grastveit



## § 4 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unnatak frå reglane når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege granskningar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje er i strid med verneføremålet.

## § 5 FORVALTINGSPLAN

Forvaltingsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremje føremålet med vernet. Det skal

## Vern av Bondhusdalen landskapsvernombord i Kvinnherad kommune i Hordaland fylke

Foto: Anniken Friis



### Bondhusdalen landskapsvernombord

er om lag 14,4 km<sup>2</sup> stort og femner om Bondhusvatnet, nedre del av Bondhusdalen og fjellområda sørøst for denne. Det er ein av dei mest nyttate innfallsportane til breen etter som tilkomsten inn til ein brearm er kort her. Særleg populært er området for dagsbesøk.

Elva i dalbotnen har framleis god vassføring sjølv om delar av nedbørsfeltet er ført nordaustover til Mysevatnet. Nettopp dette naturinngrepet i form av ei tidlegare kraftregulering er grunnen til at landskapsvernombordet strekkjer seg så langt opp mot Bondhusbreen som det gjer.



Fastsett ved kgl. res. av ..... i medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63, § 5 og § 6, jamfør §§ 21, 22, og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

Kartet og verneforskrifta finst i Kvinnherad kommune, hjå Fylkesmannen i Hordaland, Direktoratet for naturvervaltning og i Miljøverndepartementet.

### § 1 AVGRENsing

Landskapsvernombordet vedkjem følgjande gnr/bnr:

**Kvinnherad kommune:** 59/1, 59/2, 59/4, 59/6, 59/10, 59/11, 59/12, 60/1, 60/2, 7, 60/3, 60/4, 60/6

Det samla arealet er på om lag 14,4 km<sup>2</sup>. Grensene for landskapsvernombordet er vist på kart i målestokk 1:....000, datert Miljøverndepartementet .....

Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal merkast av i terrenget og knekkpunkta skal koordinatfestast.

### § 2 FØREMÅL

Føremålet med opprettinga av Bondhusdalen landskapsvernombord er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet
- sikre viktige geologiske førekommstar og biologisk mangfold
- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap, kulturminne og kulturmiljø.

Almenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

### § 3 VERNEREGLAR

#### 1 Landskapet

##### 1.1 Inngrep i landskapet

Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntak som følger av forskrifa punkt 1.2 og 1.3 er det generelt forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring av bygningar eller anlegg, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, boring og sprenging, uttak og fjerning av stein, mineral eller fossili, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrkning, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i lufta og i jorda, byggjing av bruer og klopper, oppsetjing av skilt, merking av stiar og turløyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

##### 1.2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

- (a) Vedlikehald av bygningar og tekniske innretningar. Alt vedlikehaldsarbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk. Arbeidet skal ikkje føre til endra utsjåad eller storleik på bygningar. Andre anlegg kan vedlikehaldast slik at dagens standard vert oppretthalden.
- (b) Drift, vedlikehald og rehabilitering av kraftanlegg innanfor rammene av gjeldande konserasjon.
- (c) Vedlikehald av vegar i samsvar med forvaltingsplan.
- (d) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samsvar med forvaltingsplan.
- (e) Anlegg for sinking av beitedyr og naudsynt gjerdehald for beitedyr i samsvar med forvaltingsplan. Grunneigar kan setje opp feste for slikkesteinar o.l. til beitedyr.
- (f) Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite.

##### 1.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.
- (b) Ny oppføring av bygningar som er skada ved brann eller naturskade.
- (c) Riving av bygningar som pregar landskapet sin art og karakter.
- (d) Oppføring av nye bygningar som er naudsynte i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.

- (e) Rydding av nytt innmarksbeite.
- (f) Bygging av bruer og klopper som er naudsynt i samband med beitebruk og friluftsliv.
- (g) Merking og opparbeiding av turstiar.
- (h) Tiltak for å hindre skorfeste.
- (i) Bygging av enkle driftsvegar til melombels bruk for uttak av kulturskog i samsvar med forvaltingsplan.

## 2. Plantelivet

### 2.1 Vern av vegetasjon

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Det er forbode å innføre nye planteartar.

### 2.2 Beite

Beite er tillate.

### 2.3 Hogst.

- Reglane i punkt 2.1. er ikkje til hinder for:
- (a) Hogst av ved til eigen bruk.
  - (b) Avverking av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne treslag og naudsynne skogkulturtiltak i samsvar med forvaltingsplan.
  - (c) Hogst i samsvar med plan godkjent av forvaltingsstyresmakta.

## 3. Dyrelivet


### 3.1 Vern av dyrelivet

Det er ikkje tillate å føre inn nye dyreartar i landskapsvernområdet.

### 3.2 Jakt og fiske

Jakt og fangst er tillate etter lov om viltet sine reglar.  
Fiske er tillate etter lakse- og innlands-fiskelova sine reglar.

Foto: Anniken Friis



Parti frå Bondhusvatnet.

## 4. Ferdsel

### 4.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel skal skje med varsemd og slik at det ikkje skjer skade på naturmiljø eller kulturminne.

### 4.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskrifa er ikkje til hinder for tradisjonell turverksemd til fots.

Anna organisert ferdsel og ferdsel som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve frå forvaltingsstyresmakta.

### 4.3 Regulering av ferdsel

Innanfor landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

### 4.4 Generelle unnatak for ferdsel

Reglane i punkt 4 gjeld ikkje naudsynt ferdsel i samband med militær, operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltingsoppgåver.

## 5. Motorferdsel

### 5.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på vatn, i lufta under 300 meter og på land utanom vegane.

### 5.2 Reglane i pkt 5.1 gjeld ikkje:

- (a) Motorferdsel ved militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltingsoppgåver
- (b) Motorferdsel i samband med drift av landbruksareal

- (c) Motorferdsel i samband med vedhogst, jfr. punkt 2.3.

- (d) Motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av tekniske anlegg knytt til kraftanlegg, vassforsyning o.l.

- (e) Nødvendig motorferdsel i samband med storviltjakt.

## 5.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (a) Motorisert transport i samband med transport av saltstein o.l. for husdyr på beite.

- (b) Naudsynt motorisert transport av material, utstyr og proviant til stølshus, hytter, o.l.

- (c) Motorferdsel i samband med vitskaplege granskingar.

## 5.4 Regulering av motorferdsel

Forvaltingsstyresmakta kan forby eller regulere motorferdsel på vegane i landskapsvernområdet i samsvar med forvaltingsplan, dersom dette er naudsynt for å sikre verneføremålet.

## § 6 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltingsstyresmakta kan gjøre unnatak frå reglane når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege granskingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje er i strid med verneføremålet.

## § 7 FORVALTINGSPLAN

Forvaltingsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremje føremålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltingsplan med nærmere retningslinjer for forvalting, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.m. Forvaltingsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

## § 8 FORVALTINGSMYNDE

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltingsstyresmakt for verneforskrifta.

## § 9 RÅDGJEVANDE UTVAL

Forvaltingstyresmakta kan opprette eit rådgjevande utval for forvalting av nasjonalparken.

## § 10 IVERKSETJING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

## Vern av Buer landskapsvernområde i Odda kommune i Hordaland fylke

Foto: Anniken Friis



### Buer landskapsvernområde

er om lag 21,3 km<sup>2</sup> stort. Det dekkjer eit dalføre med lett tilkomst inn mot ein av brearmane til Folgefonna, samt fjellområda kring Ruklenuten i nord. I nordvest ligg det regulerte Blåvatnet, som ikkje er omfatta av verneframlegget.

Av omsyn til at det finst fastbuande i Buerdalen, og trong for vedlikehald av veggen og jamleg oppreinsking i elva i dalføret, er det teke ut ein «kile» her som ikkje er omfatta av vern. Det er like fullt klart at heile Buerdalen har store landskapsmessige kvalitetar som må takast i vare, sjølv om ikkje alt areal inngår i område som er verna etter naturvernlova.



Fastsett ved kgl. res. av .....i medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63, § 5 og § 6, jamfør §§ 21, 22, og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

### § 1 AVGRENING

Landskapsvernområdet vedkjem følgjande grnr/bnr:

**Odda kommune:** 50/1, 50/2, 50/3, 50/5, 50/11, 50/12, 51/1, 4-52/4, 51/2, 51/3, 51/5, 52/1, 52/2, 3, 52/5, 52/6, 52/7, 52/8

Det samla arealet er på om lag 16680 daa. Grensene for landskapsvernområdet er vist på kart i målestokk 1:....000, datert Miljøverndepartementet .....

Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal merkast av i terrenget og knekkpunktene skal koordinatfestast.

Kartet og verneforskrifta finst i Odda kommune, hjå Fylkesmannen i Hordaland, Direktoratet for naturforvalting og i Miljøverndepartementet.

### § 2 FØREMÅL

Formålet med opprettninga av Buer landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i

- naturen frå dalføret opp mot høgfjellet
- sikre viktige geologiske førekommstar og biologisk mangfold
- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilretteleggjring.

### § 3 VERNEREGLAR

#### 1 Landskapet

##### 1.1 Inngrep i landskapet

Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntak som følger av forskrifa punkt 1.2 og 1.3 er det generelt forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring av bygningar eller anlegg, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, boring og sprenging, uttak og fjerning av stein, mineral eller fossil, drenering og anna form for tørrelaging, nydyrkning, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i lufta og i jorda, byggjing av bruer og klopper, oppsetjing av skilt, merking av stiar og turløyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømende.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

##### 1.2 Reglane i punkt 1.1. er ikkje til hinder for:

- (a) Vedlikehald av bygningar og tekniske innretningar. Alt vedlikehaldsarbete skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk. Arbeidet skal ikkje føre til endra utsjånad eller storleik på bygningar. Andre anlegg kan vedlikehaldast slik at dagens standard vert oppretthalden.
- (b) Vedlikehald av vegar i landskapsvernområdet .
- (c) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samsvar med forvaltingsplan
- (d) Anlegg for sanking av beitedyr og naudsynt gjerdehald for beitedyr i samsvar med forvaltingsplan. Grunneigar kan setje opp feste for slikkestinar o.l. til beitedyr.
- (e) Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite.

##### 1.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (a) Ombyggjing og utviding av eksisterande bygningar.

- (b) Ny oppføring av bygninger som er skada ved brann eller naturskade.
- (c) Riving av bygninger som pregar landskapet sin art og karakter.
- (d) Oppføring av nye bygninger som er naudsynte i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggeskikk.
- (e) Rydding av nytt innmarksbeite.
- (f) Bygging av bruer og klopper som er naudsynte i samband med beitebruk og friluftsliv.
- (g) Merking og opparbeiding av turstiar.
- (h) Tiltak for å hindre skorfeste.
- (i) Bygging av enkle driftsvegar til mel-lombels bruk for uttak av kulturskog i samsvar med forvaltingsplan.

## 2. Plantelivet

### 2.1 Vern av vegetasjon

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Det er forbode å innføre nye planteartar.

### 2.2 Beite

Beite er tillate.

### 2.3 Hogst.

Reglane i punkt 2.1 er ikke til hinder for:

- (a) Hogst av ved til egen bruk
- (b) Avverking av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne treslag og nødvendige skogkulturtiltak i samsvar med forvaltingsplan.
- (c) Hogst i samsvar med plan godkjent av forvaltingsstyresmakta.

## 3 Dyrelivet

### 3.1 Vern av dyrelivet

Det er ikke tillate å føre inn nye dyrearter i landskapsvernområdet.

### 3.2 Jakt og fiske

Jakt og fangst er tillate etter lov om viltet sine reglar.  
Fiske er tillate etter lakse- og innlands-fiskelova sine reglar.

## 4 Ferdsel

### 4.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel skal skje med varsemd og slik at det ikke skjer skade på naturmiljø eller kulturminne.

### 4.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskriften er ikke til hinder for tradisjonell turverksem til fots.

Anna organisert ferdsel og ferdsel som kan skade naturmiljøet må ha særsikt løye fra forvaltingsstyresmakta.

### 4.3 Regulering av ferdsel

Innanfor landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

### 4.4 Generelle unnatak for ferdsel

Reglane i punkt 4 gjeld ikke naudsynt ferdsel i samband med militær, operativ verksem, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyn og forvaltingsoppgåver.

## 5 Motorferdsel

### 5.1 Forbod mot motorferdsel

Utanom bilvegen i Buerdalen er motorferdsel forbode på vegar på land, i vatn og i lufta under 300 meter.

### 5.2 Reglane i pkt 5.1 gjeld ikke:

- (a) Motorferdsel ved militær operativ verksem, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltingsoppgåver.
- (b) Motorferdsel i samband med drift av landbruksareal.
- (c) Motorferdsel i samband med vedhogst, jf. punkt 2.3.
- (d) Motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av tekniske anlegg knytt til kraftanlegg, vassforsyning o.l.

### 5.3 Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- (a) Motorisert transport i forbindelse med transport av saltstein o.l. for husdyr på beite.
- (b) Naudsynt motorisert transport av material, utstyr og proviant til stølshus, hytter, o.l.
- (c) Motorferdsel i samband med vitskaplege granskinger.

### 5.4 Regulering av motorferdsel

Forvaltingsstyresmakta kan forby eller regulere motorferdsel på vegane i landskapsvernområdet i samsvar med forvaltingsplan, dersom dette er naudsynt for å sikre verneføremålet.

## § 6 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltingsstyresmakta kan gjøre unnatak fra reglane når føremålet med vernet krever det, for vitskaplege granskinger, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlige tilfelle når dette ikke er i strid med verneføremålet.

## § 7 FORVALTINGSPLAN

Forvaltingsstyresmakta kan setje i gang verk for å fremje føremålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltingsplan med nærmere retningslinjer for forvalting, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.m. Forvaltingsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

## § 8 FORVALTINGSMYNDE

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltingsstyresmakt etter verneforskrifta.

## § 9 RÅDGJEVANDE UTVAL


Forvaltingstyresmakta kan opprette eit rådgjevande utval for forvalting av nasjonalparken.

## § 10 IVERKSETJING

Denne forskriften trer i kraft straks.

Foto: Anniken Friis





## Fylkesmannen i Hordaland

Postadresse: Boks 7310, 5020 Bergen. Tel.: 55 57 20 00. Faks.: 55 57 20 09  
[www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland)